



HØGSKULEN I VOLDA

Årsrapport (2015-2016)

Org.nr: 974 809 672

Innhald

| | |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----|
| Del I: Styrets årsmelding..... | 3 |
| Overordna vurdering av samla resultat, ressursbruk og måloppnåing for 2015 | 3 |
| Kort omtale av sentrale tilhøve, interne og eksterne, som har hatt vesentleg innverknad på oppnådd resultat | 3 |
| Overordna framstilling av dei viktigaste prioriteringane for 2016..... | 4 |
| Overordna vurdering av høgskulen sine framtidsutsikter og utfordringar | 5 |
| Del II. Introduksjon til verksemda og hovudtal | 7 |
| Del III. Årets aktivitetar og resultat 2015 | 9 |
| Sektormål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forskning | 9 |
| Sektormål 2 – Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling | 13 |
| Sektormål 3 – God tilgang til utdanning..... | 15 |
| Sektormål 4 – Effektiv, mangfoldig og solid høgare utdanningssektor og forskingsystem..... | 17 |
| Del IV: Styring og kontroll i verksemda | 20 |
| Overordna vurdering..... | 20 |
| Status for internkontrollarbeidet | 20 |
| Forhold departementet har bedt om særskild rapportering på | 21 |
| Del V: Vurdering av framtidsutsikter..... | 23 |
| Sektormål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forskning | 24 |
| Sektormål 2 – Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling | 29 |
| Sektormål 3 – God tilgang til utdanning..... | 30 |
| Sektormål 4 – Effektiv, mangfoldig og solid høgare utdanningssektor og forskingsystem..... | 32 |
| Større investeringsprosjekt | 34 |
| Del VI: Årsrekneskap | 35 |
| Leiingskommentarar årsrekneskapen 2015 | 35 |
| Årsregnskap 2015 med tilhørende noter | 37 |

Vedlegg til årsrapporten:

Rapportering av status og aktivitet likestilling og mangfald

Del I: Styrets årsmelding

Overordna vurdering av samla resultat, ressursbruk og måloppnåing for 2015

Styret seier seg nøgd med det samla resultatet, ressursbruken og måloppnåinga for året.

HVO hadde 3.998 registrerte studentar haustsemesteret 2015. Tal for siste åra ligg på eit stabilt høgt nivå og det er ikkje planar om å fortsette å vekse. For å stette regionale og nasjonale behov er det likevel ønskelig å auke opptaket på grunnskulelærerutdanninga.

Samstundes er det eit prioritert mål å auke søkninga til studia våre generelt. Vi ønskjer større konkurranse om studieplassane for å sikre oss godt kvalifiserte og sterkt motiverte studentar. Det fører til betre gjennomstrøyming, meir inspirerende læringsmiljø og betre omdøme.

HVO er blant dei beste i landet på gjennomføring i bachelorutdanningane og blant dei beste på lærarutdanningane, men når det gjeld masterprogramma ligg fullføringa under gjennomsnittet.

Ei viktig oppgåve for høgskulen i eit samfunn som er i stadig endring er å sikre at dei ulike yrkesgruppene innan våre fagfelt får tilgang til god og relevant etter- og vidareutdanning. Spesielt innan lærarutdanningane kan vi no tilby fleire års- og vidareutdanningsstudium. Mange av desse er organisert som nettstudium og/eller samlingsbaserte studium og er dermed eit godt alternativ for arbeidstakarar som bur utanfor dei store byane i tillegg til dei som bur i regionen.

Høg kvalitet i utdanning og forskning er avhengig av høg kompetanse hos våre fagtilsette. Det er ikkje alltid enkelt å rekruttere nye tilsette med høg kompetanse innanfor ønska fagfelt til distriktet. HVO har derfor i fleire år prioritert arbeidet med å gjere det mulig for våre tilsette å kvalifisere seg gjennom interne program. Dette er ei satsing som gir ønska resultat. I 2015 har noko over 50% av våre tilsette i UFF-stillingar førstekompetanse (førsteamanuensis, førstelektor, dosent, professor).

Også i 2015 har HVO mange inn- og utreisande studentar. Måler vi utvekslingsstudentar i % av totalt registrerte studentar ligg HVO på topp av dei statlege høgskulane på linje med tidlegare år. Dette har vore eit prioritert område ved skulen i mange år.

I 2015 var det fem HVO-tilsette som disputerte, totalt for dei siste tre åra har vi hatt 18 doktorgradsdisputasar. Hausten 2015 vart også ph.d.-utdanninga: "Helse- og sosialfag. Vilkår for profesjonsutøving", som er ei fellesgrad ved Høgskolen i Molde og Høgskulen i Volda, starta opp med god søking til stipendiatstillingane. I norsk samanheng er studiet unikt i den forstand at det er det første ph.d.-studiet i landet som vert gitt i fellesskap av to høgskular.

Publiseringspoenga for året er enno ikkje rapportert, men prognosen er at HVO ligg noko over nivå med fjoråret. Vi er blant dei beste høgskulane når vi måler publiseringspoeng per fagleg stilling. Dette seier styret seg nøgd med.

Styret er ikkje tilfredse med resultatet når det gjeld bidrags- og oppdragsaktivitet. I tillegg til arbeidet med forskingsgrupper som skal bidra til å styrke dette, har vi i 2015 endra den interne organiseringa knytt til denne aktiviteten.

Det økonomiske resultatet for året er om lag som planlagt. Vi ligg noko etter plan på tilsettingar av fagpersonale.

Kort omtale av sentrale tilhøve, interne og eksterne, som har hatt vesentleg innverknad på oppnådd resultat

Strukturprosessen har tatt mykje merksemd både i styrearbeidet og i leiinga og heile organisasjonen er naturleg nok opptekne av både prosess og resultat. I 2014 vedtok styret ved Høgskulen i Volda at dersom ein ikkje kan stå aleine, så tilrådde ein fusjon som omfatta alle høgskulane i Møre og Romsdal

og Sogn og Fjordane. Etter at Høgskolen i Ålesund vedtok å bli ein del av NTNU fall dette alternativet bort. Styret vedtok i januar 2015 å starte sonderingar om samarbeid med høgskulane i Molde og Lillehammer. I løpet av 2015 vart det utvikla ein alliansemodell med dei tre høgskulane. Høgskulen i Sogn og Fjordane var invitert med i alliansesamarbeidet, men valde å delta som observatør. Hausten 2015 bad Kunnskapsdepartementet om ein beskrivelse av alliansemodellen. I februar 2016 vurderte departementet alliansemodellen slik at den ikkje ville «bedre høyskolenes forutsetningar for å foreta prioriteringar.» Departementet såg det heller ikkje slik at alliansepartnerane styrka lærarutdanninga ved Høgskulen i Volda. Etter dette har styret ved Høgskulen i Volda ikkje gjort nye vedtak i struktursaka, men skal 10. mars ha felles styreseminar i lag med Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Parallelt med alliansearbeidet har Høgskulen i Volda også fått invitasjon til tettare fagleg samarbeid på utvalde område med Universitetet i Bergen. Fusjon har ikkje vore tema i samtalanene. Det er nedsett fleire arbeidsgrupper på område som er interessante å utvikle for begge institusjonane.

Dei nye grunnskulelærarutdanningane på masternivå vil stille høge kompetansekrav til lærarutdanningsinstitusjonane. Det er sett ned ei gruppe som er kome godt i gang med planlegginga av ny GLU. Det er også halde seminar for dei fagtilsette om dette.

Det har vore stor aktivitet på etter- og vidareutdanning av lærarar i 2015, både gjennom Ungdomstrinn i utvikling, Realfagssatsinga og gjennom Kompetanse for kvalitet. Desse store satsingane er krevjande for høgskulen og avgrensar i kva grad det er mulig å involvere seg i andre aktivitetar for delar av fagmiljøet. Denne aktiviteten vil fortsette også i nokre år framover.

Renovering av Kaarstad 1922 tok til sommaren 2015. I samband med dette har det vore gjort ein stor jobb i å få klare midlertidige undervisningslokale for studieåret 2015/2016 samt å få tømte Kaarstad slik at renoveringa kunne ta til. Tilbakeflytting er planlagt sommaren 2016.

Overordna framstilling av dei viktigaste prioriteringane for 2016

Lærarutdanninga møter skjerpa opptakskrav frå 2016 og krav om master frå 2017. Vi må rekne med at begge endringane vil føre til nedgang i tal på studentar. For å møte behovet for lærarar i regionen og få ei meir berekraftig drift har vi prioritert å intensivere rekrutteringsarbeidet mot grunnskulelærarutdanningane. Det er også eit prioritert mål å auke søkinga til studia våre generelt.

Det har vore arbeidd med utvikling av ny femårig lærarutdanning med høg kvalitet sidan 2015. Dette arbeidet må fullførast i løpet av 2016.

Masterprogrammet i dokumentar og journalistikk er etablert og har rekruttert bra. Vi ønsker no å utvide mastertilbodet til å gjelde studentar frå alle bachelorprogramma innan mediefag i Volda. Målet er å få sett den nye masteren i drift frå hausten 2017.

Høgskulen har lenge hatt knapt med areal i høve til tal på studentar og tilsette. Nokre av husa er godt tilpassa dagens drift, men ein del av kjerneverksemda går føre seg i lokale som ikkje møter dei krava det er rimeleg å stille i dag. Campusutviklingsprosjektet vart starta i 2014 og sluttrapporten vart ferdig i mai 2015. Statsbygg, Volda Kommune samt andre lokale og regionale aktørar har vore viktige bidragsytarar i dette arbeidet i tillegg til tilsette ved høgskulen. Sentralt i denne campusutviklingsplanen er bygging av eit nytt mediehus der vi ønsker å samle mediemiljøet på høgskulen, både studentar og tilsette. Rombehov /-planar er under utarbeiding og det vert no vurdert alternative modellar for samarbeid med lokale aktørar og for finansiering av eit slikt nybygg.

For å auke FoU-aktiviteten og heve kompetansen prioriterer vi styrking av budsjettposten for vikar ved FoU-stipend, såkornmidlar, oppretting av fleire professorstipend og revisjon av FoU-planen. Mykje av FoU-verksemda ved HVO er profesjonsretta.

Dei fleksible vidareutdanningstilboda spelar ei avgjerande rolle for å imøtekomme arbeidstakarane sine behov for livslang læring. Fleksible studietilbod har vore eit prioritert område ved HVO i mange år og vi ønsker å vidareutvikle digitale undervisnings- og vurderingsformer.

Den viktigaste prioriteringa på administrativ side er å få på plass ny HVO-vev. HVO-veven er den viktigaste kanalen for studentrekruttering, den er kjernen i mykje av kommunikasjonen både mot studentar og tilsette. Vevet er også ei viktig informasjonskjelde for andre interessentar. Dagens løysing er ikkje god nok, og arbeidet med å få på plass ein ny vev i løpet av 2016 er prioritert høgt.

Overordna vurdering av høgskulen sine framtidsutsikter og utfordringar

Høgskulen i Volda har gode resultat på ei rekkje viktige indikatorar og har dermed gode framtidsutsikter dei komande åra. Samstundes er det ei rekkje utfordringar som Høgskulen må møte både for å utvikle seg vidare og for å halde på dagens posisjonar.

Vi har eit studenttal som vi er godt nøgde med og som har vore stabilt siste åra. Vi ligg over gjennomsnittet på publiseringspoeng for statlege høgskular og vi har mange gode, relevante studietilbod som møter behova i arbeidslivet. Stadig fleire av dei fagtilsette har førstekompetanse.


Ei viktig utfordring for HVO, uavhengig av korleis det går med strukturen i UH-sektoren, er søkinga til grunnutdanningane våre. Tidligere har vi erfart at når det private næringslivet, både nasjonalt og i endå større grad regionalt, går godt, har det vore lågare interesse for utdanningane våre som i stor grad er profesjonsutdanningar som er sentrale i velferdsstaten. I tider med eit privat næringsliv som slit, har ungdommen i større grad søkt seg til våre utdanningar. Om dette er tilfelle også denne gongen, vil vi først sjå i samband med søkinga for studieåret 2016 /2017.

Den største utfordringa vi har er å skaffe nok lærarar i regionen vår. Dette er noko vi deler med fleire andre regionar i landet. Læreryrket har ikkje vore attraktivt nok dei seinare åra og ungdommen har valt andre utdanningar. Endring i opptakskrav og omlegging av studia for grunnskulelærerutdanningane og PPU allmennfag kan føre til færre søkjarar.


Bygget der avdeling for mediefag er lokalisert i dag er i dårleg stand, og det hastar med å få alternative lokale til denne verksemda. Vi manglar moderne rom for mykje av den samlingsbaserte vidareutdanninga og ikkje minst spesialtilpassa lokalitetar for satsingsområdet media / kultur / formidling. Eit nybygg for media er difor vesentleg for at utdanninga skal vere attraktiv i framtida.

Ei anna utfordring er BOA og FoU-verksemda. Vi må bli betre på å søkje på relevante utlysingar og å finne og utvikle prosjekt i lag med aktuelle samarbeidspartnarar. Vi må heve kompetansen på søknadsskriving og legge til rette for at FoU-delen i stillingsressursen også kan nyttast til søknadsskriving.


Volda, 10.03.2016, Høgskulen i Volda ved styret




Johann Roppen
(rektor og styreleiar)




Jens Standal Groven
(prorektor og nestleiar)




Tor Johan Ekeland
(tilsettere representant)




Ivar John Erdal
(tilsettere representant)




Kjell-Einar Dagfinrud
(tilsettere representant)



Pernille Solvang
(studentrepresentant)



Stig Ove Brobakke
(studentrepresentant)



Endre Brunstad
(ekstern representant)



Inger Østensjø
(ekstern representant)



Terje Heggem
(ekstern representant)



Kristin Marie Sørheim
(ekstern representant)

Del II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

Høgskulen i Volda er høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i Møre og Romsdal. Vi gir fag- og profesjonsutdanningar på ulike nivå for skule og barnehage, velferd, media og kultur.

Dei profesjonsretta grunnutdanningane er grunnstamma i studieporteføljen. I tillegg til den viktige regionale rolla, prioriterer HVO følgjande satsingsområde der vi vil oppretthalde og vidareutvikle ei nasjonal og til dels (for dei to første sitt vedkomande) internasjonal rolle:

- Yrkesretta medieutdanning
- Nynorsk i utdanning, forskning og formidling
- Fleksible vidareutdanningstilbod

Høgskulen i Volda har 4000 studentar og over 300 årsverk.

Lærerutdanninga starta i Volda med Voldens høiere Almueskole i 1861. Med nokre korte opphald undervegs har Volda utdanna lærarar i over 150 år. I dag er Høgskulen i Volda også godt kjent for medieutdanningane og det gode og aktive studentmiljøet med VEKA, Animasjonsfilmfestivalen, X2 og Den Norske Dokumentarfilmfestivalen som nokre av høgdepunkta.

Høgskulen tilbyr 18 bachelorprogram, fleire lærerutdanningsprogram, årsstudium og vidareutdanningar på heiltid, deltid og nettbasert. I tillegg har høgskulen seks mastergrader: Kulturmøte, Sosial- og helsefag; Meistring og myndiggjering, Nynorsk skriftkultur, Samfunnsplanlegging og leiing, Dokumentar og Journalistikk og Undervisning og læring.

Høgskulen i Volda samarbeider også med Høgskolen i Molde om Ph.d. innanfor helse og sosialfag.

Høgskulen i Volda har som mål å drive forskning og utviklingsarbeid med høg kvalitet og på ein slik måte at det gir utdanningstilboda eit solid grunnlag. Høgskulen har 175 årsverk i undervisnings- og forskarstillingar utanom stipendiatar. Av desse er 23,0 årsverk professorar og dosentar og 88,0 årsverk har førstekompetanse (professor, førsteamanuensis, førstelektor og dosent).

Dei strategiske satsingsområda for FoU er:


- journalistikk
- kulturmøte
- profesjonsforskning
- utdanningsforskning
- velferdsforskning

Høgskulen er medeigar i Møreforskning AS og Møreforskning Volda AS, og det er inngått eigen samarbeidsavtale mellom HVO og Møreforskning om korleis operativt forskings- og prosjektsamarbeid skal gjennomførast.

Høgskulen i Volda ønskjer å vere ein aktiv og dialogøkjande aktør innanfor etter- og vidareutdanning. Som den største kompetanse-leverandøren i regionen tilbyr HVO fleire studietilbod som nettstudium, deltid og/eller desentralisert. Kompetanse-senteret for kulturproduksjon og kulturformidling (SEANSE) er ein viktig del av denne satsinga.

Høgskulen i Volda er også vertsinstitusjon for Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa og rekneskapen for senteret er inkludert i tala våre.

Organisasjonskart



Høgskulestyret er det øvste organet ved institusjonen. Styret har følgjande medlemmer: rektor, prorektor, to medlemmer valde blant tilsette i undervisnings- og forskarstilling, ein medlem valt blant dei teknisk og administrativt tilsette, to medlemmer valde blant studentane og fire eksterne medlemmer. Høgskulen i Volda har vald rektor og rektor er derfor også styreleiar.

Hovudtal

| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|------------------------------------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Årsverk tilsette | 298 | 287 | 298 | 305 | 306 |
| <i>Av dette UFF-årsverk</i> | 199 | 186 | 192 | 196 | 194 |
| UFF-tilsette med førstekompetanse | 42 % | 45 % | 46 % | 47 % | 50 % |
| Registrerte studentar | 3 662 | 3 946 | 3 893 | 3 705 | 3 998 |
| Registrerte studentar per UFF-årsverk | 18,4 | 21,2 | 20,3 | 18,9 | 20,6 |
| Registrerte studentar heiltidsekvivalentar | 2 855 | 3 014 | 2 987 | 2 933 | 3 057 |
| Utvekslingsstudentar, avtalebasert | 179 | 237 | 208 | 164 | 225 |
| Studiepoengproduksjon (ny produksjon totalt, 60 SPE) | 2 342 | 2 451 | 2 440 | 2 474 | 2 535 |
| Publiseringspoeng per UFF-årsverk | 0,57 | 0,48 | 0,36 | 0,51 | 0,51 |
| Doktorgradsdisputasar | 1 | 4 | 7 | 6 | 5 |
| Totale driftsinntekter mill. kroner | 286 | 299 | 323 | 340 | 353 |
| <i>Av dette løyving</i> | 262 | 273 | 294 | 310 | 319 |
| Driftskostnad per 60 SPE (ny produksjon totalt) | 124 | 122 | 125 | 133 | 133 |

UFF – undervisning, forskning og formidling

60 SPE – ein studieplass er definert som 60 studiepoengeiningar og utgjer ein heiltidsekvivalent

Publiseringspoeng per UFF-årsverk i 2015 er estimert

Statistikk knytt til UH-sektoren og dei einiskilde institusjonane finn ein samla på:

<http://dbh.nsd.uib.no/>

Del III. Årets aktiviteter og resultat 2015

Sektormål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forskning

Styringsparameter KD

- Gjennomføring på normert tid
- Del uteksaminerte kandidatar teke opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare
- Kvalitativt styringsparameter: studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma
- Kvalitativt styringsparameter: Resultatoppnåing på forskning i forhold til eigenarten
- Kvalitativt styringsparameter: Samspel mellom forskning og utdanning
- Deltaking i Horisont 2020 og Erasmus+

Verksemdmål 1.1: Høgskulen i Volda skal vere høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i regionen og skal vere nasjonalt leiande i yrkesretta medieutdanning. Institusjonen skal gi fag- og profesjonsutdanningar på bachelor-, master- og PhD-nivå for samfunnsutvikling, skule og barnehage, velferd, media og kultur.

Tiltak:

- **Arbeide for å sikre kvaliteten på medieutdanningane (bygningar og utstyr**
- **Samarbeide med regionale og sentrale styresmakter for å gjere lærarutdanninga meir attraktiv**
Prioritere arbeidet med ny lærarutdanning
- **Vurdere reorganisering av forskingssenteret for skriftkultur**
- **Opprette forskingsgruppe på HVO på nynorskfeltet på tvers av institutt og avdelingar**
- **Fullføre campusutviklingsprosjektet V-15**

Kommentarar:

Første del av Campusutviklingsprosjektet vart fullført V-15. Arbeidet med å planlegge eit nytt bygg for mediefaga er i gong. Ei arbeidsgruppe har levert ein rapport med skisse til romprogram. Det er også sett ei gruppe som skal kome med framlegg til opprusting av uteområda. AMF har satsa mykje på å ruste opp TV-studio, har installert nytt redaksjonelt system og investert i utstyr for direkte dekning av TV via mobilnettet. Reorganisering av forskingssenteret for skriftkultur er gjennomført, og dekan på AHL har sett ned ei gruppe som er kome godt i gang med planlegginga av ny lærarutdanning. Det er også halde seminar om ny GLU.

Verksemdmål 1.2: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktiv høgskule både regionalt og nasjonalt

Styringsparametrar:

- Tal søkjarar pr studieplass
- Søkning til Høgskulen i Volda gjennom Samordna Opptak

Tiltak:

- **Vidareutvikle rekrutteringsplanen med prioriteringar av lærarutdanningane, sosialarbeidarutdanningane og fleksible vidareutdanningar.**
- **Utvikle nye vevsider.**
- **Bruke studentar meir i dei interaktive sosiale media knytt til rekruttering.**
- **Bygge omdøme gjennom foredling av merkevaren StudiebygdA.**

Kommentarar:

Alle tiltaka er følgt opp. Arbeidet med rekrutteringsplanen er gjennomført med ny organisering. Utviklinga av nye vevsider er eit stort prosjekt som vil halde fram i 2016. Prosjektgruppe og styringsgruppe er etablert. Studentane blir aktivt nytta i rekrutteringsarbeidet.

Verksemdmål 1.3: Høgskulen i Volda skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.

Styringsparametrar:

- Gjennomføring på normert tid
- Kvalitative:
- Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma

Tiltak:

- **Arrangere seminar saman med Studenttinget om studieteknikk, akademisk skrivning og bruk av dataprogram i oppgåveskrivinga Gi tilbod om kurs i digital kompetanse i høgare utdanning, 5 stp. til fagleg tilsette**
- **Gjennomføre brukarundersøkingar om studentvelferd, programevalueringar og fråfalls- og kandidatundersøkingar**
- **Samarbeide med eigarane av bygga våre om universell utforming og tilby studentane arbeidsplassar tilpassa ulike behov**
- **Auke talet på digital eksamensavviklingar – prøve ut eigne dataprogram – inspera.**
- **Gje studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid**

Kommentarar:

Alle tiltaka er følgt opp. To studieprogram vart plukka ut for ekstern studieprogramevaluering. Det er gjennomført ei undersøking blant nye studentar. Den viste at dei fleste studentane nyttar nettsidene til å søkje informasjon. Respondentane er overordna godt nøgd med informasjon frå Høgskulen i Volda. Både heiltidsstudenten og nett- og deltidsstudenten oppgir at riktig studietilbod er hovudgrunnen til at dei valde å studere ved HVO. Nettsidene har gitt dei fleste god kunnskap om Høgskulen i Volda. Likevel saknar respondentane meir informasjon om kvart enkelt studium.

Når det gjeld digital eksamen, så har HVO meldt seg på Uninett sitt fellesprosjekt der Inspera inngår. Vi har også auka talet på digitale skriftlege skuleeksamenar i 2015 ved hjelp av ein eigenutvikla portal. Avdelingane melder om at studentane i større grad enn før blir trekte med i FoU-verksemd. Det er no innført BA-oppgåver både på BLU og GLU. Dette har ført til auka forskingsfokus i utdanningane. Statsbygg har fått utarbeidd ein konsulentrapport over UU-manglar og arbeider systematisk med å utbetre manglane. I 2015 vart det investert mykje i UU-tiltak på Kaarstad 1922 i samband med ventilasjonsprosjektet.

Verksemdmål 1.4: Høgskulen i Volda skal oppnå betre FoU-resultat ved god tilrettelegging

Styringsparametrar:

- Tal nasjonale publiseringspoeng
- Tal nasjonale publiseringspoeng pr fagtilsett
- Tal fagtilsette som publiserer

Tiltak:

- **Leggje til rette for bolkelegging av FoU-ressursar**
- **Vidareføre ordninga med professorstipend**

- **Gi tilbod om at tilsette i fagstilling får kople seg til forskargrupper**
- **Tilsette professorar bør ha ein del av stillinga til forskingsrettleiing**
- **Kollegaretteleiing skal nyttast for å hjelpe nyttilsette med å kome i gang med FoU**
- **Evaluere løyvinga til dei interne forskingsprosjekta med tanke på mogeleg forlenging**
- **Stimulere tilsette til å ta del i nasjonale og internasjonale forskarnettverk gjennom til dømes NFR- og EU-programma**
- **Styrke kompetansen/ressursane i søknadsskriving gjennom rettleiing.**
- **Nytte såkornmidlar til å stimulere utviklinga av FoU-prosjekt**

Kommentarar:

Desse tiltaka er følgt opp i varierende grad. Det var sett av såkornmidlar på budsjettet, men det kom få søknadar i første runde. Etter ny utlysing og betre informasjon fekk vi inn mange gode søknader. Vi er ikkje komne så langt så som vi ønskjer når det gjeld å styrke kompetansen i søknadsskriving. Bolkelegging av FoU-ressursar er ikkje alltid like lett å få til. Nokre overlèt spørsmålet til institutta, ei avdeling meiner det er vanskeleg å prioritere dette, medan andre legg til rette for det. HVO har slite ein del med å etablere forskargrupper, men avdelingane rapporterer no om at det er ei positiv utvikling i 2015. Det er også varierende praksis når det gjeld kollegaretteleiing. Det blir lagt til rette for at stipendiatane kan delta i nasjonale og internasjonale nettverk. HVO har fått EU-midlar til HERA-prosjektet.

Verksemdmål 1.5: Høgskulen i Volda skal syte for god gjennomføring av forskarutdanninga.

Styringsparametrar:

- Del uteksaminerte kandidatar tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare
- Tal doktorgradsdisputasar

Tiltak:

- **Evaluere ordninga med å knyte stipendiatar til program**
- **Leggje til rette for gode forskingsmiljø med felles seminar og rettleiing for stipendiatane**
- **Sikre kvaliteten på kandidaten gjennom intervju ved tilsetting, der vi formidlar krav og forventningar, og sjekkar motivasjon og drivkraft**
- **Leggje til rette for at stipendiatar kan ha kortare eller lengre utanlandsopphald**

Kommentarar:

Desse tiltaka er følgt opp. Ordninga med å knyte stipendiatane til program blir vurdert i samband med revidering av FoU-planen for 2016-2019.

Verksemdmål 1.6: Høgskulen i Volda skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane

Styringsparametrar:

- Tal på utvekslingsstudentar – inn- og utreisande
- Tal på engelskspråklege studietilbod
- Kvalitative: Alle studentar skal kunne få ein internasjonal komponent i utdanninga og velje mellom relevante tilbod for praksis- og studieopphald i utlandet.

Tiltak:

- **Vise til internasjonal forskning og litteratur og gjere studentane medvitne om at dei etter studiet skal arbeide i eit fleirkulturelt samfunn**

- **Oppretthalde talet på innreisande utvekslingsstudentar og sikre kvaliteten på studentane**
- **Auke talet på utreisande utvekslingsstudentar, spesielt for praksis i utlandet**
- **Leggje til rette for og kvalitetssikre studieopphald ved utanlandske lærestader**
- **Utvikle tettare samarbeid med utvalde utanlandske lærestader (strategiske partnarar)**
- **Utvikle fleire engelskspråklege emne og justere eksisterande emne etter etterspurnad**
- **Kvalitetssikre og auke informasjon på engelsk om HVO (studietilbod, FoU og annan aktivitet)**
- **Auke søknader om midlar frå internasjonale utdannings- og forskingsprogram**
- **Utvikle ein nordisk fellesmaster med Åbo Akademi og Teologiska Högskolan Stockholm**
- **Samarbeide med Cardiff University om PhD**
- **Sikre kvaliteten i det faglege og administrative arbeidet retta mot internasjonale studentar ved HVO**
- **Synleggjere betre internasjonal aktivitet ved HVO internt og til omverda**

Kommentarar:

Det blir arbeidd godt med dei fleste tiltaka. I 2015 hadde vi rekordstore kull av innreisande utvekslingsstudentar både til vår- og haustsemesteret. Talet på utreisande utvekslingsstudentar held seg på eit jamt nivå, men vi er ikkje nøgde med det. Vi har sett stort fokus på kvalitetssikring av utanlandske partnaruniversitet. Internasjonalt kontor har også blitt flinkare til å innhente rapportar frå studentar som har vore på utveksling. Arbeidet med å revidere avtaleporteføljen vart gjennomført hausten 2015. Resultatet vart vi har skilt ut nokre spesielt tette partnarskap og at nokre avtalar blir avviklast. Vi prioriterer bruk av Erasmus-midlar for samarbeid med utvalde partnaruniversitet. Vi er spesielt nøgde med at søknaden om Erasmus+ Strategisk Partnarskap vann fram (som ein av 5 i Noreg). Evalueringane syner at internasjonale studentar er godt nøgd med studia og opphaldet ved HVO, men det er alltid forbettringspotensiale. Diverre har vi ikkje fått til meir og betre engelskspråkleg informasjon på nett. Vi er heller ikkje nøgd med synleggjeringa av internasjonaliseringsarbeidet ved HVO. HVO er ein av høgskulane med størst grad av utveksling av studentar og tilsette, men vi har ikkje klart å presentere dette godt nok.

- Vidareutvikle *Seanse – senter for kunstproduksjon* i samarbeid med KD, KUD og Møre og Romsdal fylke
- Endre strukturen knytt til BOA-verksemnda og utarbeide ein handlingsplan for feltet.
- Arrangere nyskappingsseminar saman med Sunnmøre Kulturnæringshage og følgje opp nye forretningsidéar baserte på forskning og nyskapande studentarbeid
- Arbeide for etablering av kunnskapspark i Volda
- Arbeide for å vidareutvikle aktiviteten knytt til Vestnorsk filmsenter og opplevingssenteret for animasjon i samarbeid med lokalt næringsliv og Sunnmøre Kulturnæringshage
- Vidareutvikle tilbodet i industrianimasjon i samarbeid med industrien og helseføretak i regionen
- Vidareutvikle *Ut i jobb-dag* i samarbeid med kommunane i regionen
- Tilby kurs i prosjektstyring for fagleg tilsette
- Vurdere å etablere eit senter for innovasjon i velferdstenestene i lag med kommunane i regionen

Kommentarar:

Dei fleste tiltaka er følgt opp, men vi har ikkje makta å prioritere alle. Det er god kontakt med fylkesmannen når det gjeld vidareutdanning for lærarar. AMF har stadig prosjekt med lokale og regionale aktørar innan både mediebransjen og andre bransjar. Norsk animasjonssenter blir drive av tre tilsette på AMF, og vi er dermed heilt sentrale i alt som skjer der av vidareutvikling. Seanse har vore i ei positiv utvikling i 2015 og tar på seg stadig nye oppdrag. HVO har vore med og tatt initiativ til å få etablert Helsekuben Møre og Romsdal. Helsekuben er ein partnerskap mellom helseføretaket, høgskulane, Møreforskning, kommunane og andre for å fremje forskingsbasert innovasjon i helse og omsorg i Møre og Romsdal. Alle avdelingane har no tilsett ressursperson som skal arbeide for å auke BOA-inntektene. Ei evaluering av *Ut i jobb-dagen* er undervegs. Pga stram økonomi har ikkje AMF makta å prioritere utvikling aktiviteten knytt til Vestnorsk filmsenter og tilbodet i industrianimasjon. Kurs i prosjektstyring er heller ikkje gjennomført 1 2015.

Verksemdmål 2.2: Høgskulen i Volda skal tilføre samfunnet resultata frå FoU-verksemnda gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt

Styringsparametrar:

- Tal konferansar/seminar
- Tal interne FoU-poeng

Tiltak:

-
- Halde fram med Forskingsdagane for å synleggjere FoU-verksemnda.
- Stimulere fagtilsette gjennom internt poengsystem til å drive foredragsverksemd, fagleg og populærvitskapleg formidling og kritisk debatt om aktuelle samfunnsspørsmål.
- Vidareutvikle nettsidene til formidling av sentrale forskingsprosjekt, faglege ressursar og publikasjonar.
- Arrangere fagkonferansar og seminar med utspring i forskingsverksemnda i samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale aktørar.
- Tett samarbeid med regionale aktørar om formidling av forskingsresultat (alternativ formulering: av FoU-verksemnda vår) i regionale arrangement.
- Stimulere til publisering i opne kanalar.

Kommentarar:

Alle tiltaka er følgt opp. Forskingsdagane 2015 vart gjennomført med stor suksess, mange besøkande og gode oppslag i media. Utvikling av nettsidene er i gang og må sjåast i samanheng med utviklinga av HVO-veven. Det er sett av midlar til open publisering, men fondet er lite brukt til tross for at det er informert om ordninga.

Verksemdmål 2.3: Høgskulen i Volda skal samarbeide aktivt i nettverksorganiserte kvalifikasjonsprogram og forskarskular

Styringsparametrar:

- Tal fellestiltak som HVO deltek i

Tiltak:

- Samarbeide aktivt med andre institusjonar i inn- og utland om forskarutdanning
- Utvikle Forskingsforum Møre som arena og nettverk for auka samarbeid mellom FOU-miljøa i Møre og Romsdal
- Samarbeide om søknad og gjennomføring av VRI Møre og Romsdal 2014-2016. Arbeide for å auke ramma for VRI offentleg sektor
- Stimulere til rekruttering av professor II-stillingar
- Vurdere utnyttinga av forskarskulane
- Arrangere Fjordkonferansen 2015

Kommentarar:

Det meste er følgt opp, men det er det ikkje gjort spesielle tiltak form å stimulere til fleire professor II-stillingar, spørsmålet blir fortløpande vurdert. Det er skrive ein internasjonal avtale med *University of Cardiff* i samband med ph.d.-utdanninga i helse- og sosialfag. VRI-programmet er vedtatt lagt ned, og det er usikkert kva som blir framtida til programmet.

| Tabell til sektormål 2 | Resultat | | | | | Ambisjons nivå |
|-----------------------------------------------------------------------------|----------|-------|-------|--------|--------|----------------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2015 |
| Omfang av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) (utanom NFR og EU) | 10 178 | 8 718 | 8 878 | 11 362 | 14 600 | 11 000 |
| Mottekne forretningsidear | 1 | 2 | 3 | 0 | 0 | 4 |
| Mottekne forretningsidear som har resultert i oppretting av selskap | 1 | 3 | 3 | 0 | 0 | 2 |

Sektormål 3 – God tilgang til utdanning

Styringsparametrar KD

Kvalitativt styringsparameter:

- Fleksibel utdanning

Verksemdmål 3.1: Høgskulen i Volda skal utvikle fleksible utdanningstilbod i samarbeid med regionale og nasjonale aktørar

Styringsparametrar:

- Eksternt finansierte studiepoeng
- Tal fleksible etter- og vidareutdanningstilbod

Tiltak:

- **Arbeide for å få tildelt studieplassar til prioriterte vidareutdanningar i samband med det nye lærarløftet**
- **Samarbeide med regionale organisasjonar og etatar (kommunar, fylke, fylkesmann, NAV) om å arrangere kurs- og undervisningsopplegg knytt til velferds- og sosialtenester, leing, omsorg, utdanning**
- **Gjere førelesingar og anna læringsstoff tilgjengeleg for studentar via internett, og vidareutvikle produksjons- og distribusjonsformer for dette**
- **Styrke den pedagogiske kompetansen og betre infrastrukturen for å leggje til rette for fleire former for fjernundervisning**
- **Oppmode avdelingane til å setje av ressurs til eksternt arbeid som ein naturleg del av HVO sine oppgåver på line med forskning og formidling**
- **Inngå avtalar om risikodeling mellom fellesnivået og avdelingane for å stimulere til meir ekstern verksemd**

Kommentarar:

Dei fleste tiltaka er følgt opp. HVO fekk tildelt 7 studium innafor ordninga Kompetanse for kvalitet. På grunn av lita søkning var det berre 4 tilbod som kom i gang. HVO v/ASH har inngått ein samarbeidsavtale med Høgskolen i Lillehammer om etablering av Nasjonal Innovasjonsskole for kommunesektoren. Avtalen gjeld eit oppdrag for Sunnmøre Regionråd der studiet er skreddarsydd for kommunane på Sunnmøre.

For å vidareutvikle fleksible studium av høg kvalitet, er støtteininga for e-læring i dialog med dei fagleg tilsette før studieplansrevisjonar for å gjere ei vurdering av kva digitale verktøy ein er best tente med å bruke i studiet. Det er løyvd midlar til å bygge om rom der ein kan gjere opptak av undervisninga og etablere ei verktøykasse for strøyming og opptak av undervisning på ulike stadar.

| Tabell til sektormål 3 | Resultat | | | | | Ambisjonsnivå |
|------------------------------------|----------|------|------|------|------|---------------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2015 |
| Tal fleksible studietilbod | | | | 70 | 68 | 70 |
| Tal eksternt finansierte studentar | 184 | 262 | 245 | 188 | 260 | 250 |
| Tal studentar fjernundervisning | | | 1082 | 1016 | 914 | 1200 |

Sektormål 4 – Effektiv, mangfoldig og solid høgre utdanningssektor og forskingsystem

Styringsparameter KD

- Del kvinner i dosent og professorstillinger
- Del mellombels tilsette
- Kvalitativt styringsparameter:
- Langsiktig økonomisk planlegging
- Solide fagmiljø

Verksemdmål 4.1: Høgskulen i Volda skal ha organisering, system og ordningar for å sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

Styringsparametrar:

- Driftskostnader pr avlagde 60-studiepoengeining
- Driftskostnader pr publikasjonspoeng
- Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på administrative stillingar

Tiltak:

- **Arbeide kontinuerleg for å sikre god planlegging og oppfølging gjennom tenlege budsjetteringsverktøy.**
- **Starte arbeidet med eit overordna system for internkontroll.**
- **Samarbeide med biblioteka i UH-nett Vest om kompetansehevingstiltak og effektiv ressursutnytting gjennom felles løysingar**
- **Tilby modulbasert leiaropplæring**
- **Leggje til rette for systematisk samarbeid mellom avdelingane og fellesnivået om betre kvalitet og auka effektivitet i oppgåveløysingane**
- **Innføre nytt rekrutteringsverktøy**

Kommentarar:

Alle tiltaka er følgt opp. Arbeidet med langtidsbudsjett held fram, men vi er ikkje i mål. HVO deltar i samarbeidsforumet for Internkontroll i regi av Direktoratet for økonomistyring (DFØ) for å styrke kompetansen. Vi har gjennomført ei kartlegging som viser at det er noko ulike oppfatningar i organisasjonen om både tilstanden på internkontrollen og kvar ansvaret ligg. Vi har også etablert eit prosjekt «Interne tidstjuvar». Det er oppretta 9 arbeidsgrupper på tvers av avdelingane og fellesnivået med følgjande mandat: Kartlegge dagens praksis og utarbeide forslag til forbetringar og forenklingar som gir innsparing i tid- og ressursbruk for HVO samla sett. På seminar for alle administrativt tilsette vart arbeidsgruppene sine forslag til tiltak presentert. Innspel vart innarbeidde og tiltaks-forslaga er no godt forankra. Ein del av tiltaka er sette i verk allereie, andre tiltak skal prioriterast i leiargruppene.

Verksemdmål 4.2: Høgskulen i Volda skal gjennom personalpolitikken medverke til eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø

Styringsparameter:

- Del førstestillingar av totalt tal undervisnings- og forskingsstillingar
- Del kvinner av tilsette med førstekompetanse
- Tal kvinner i toppstillingar

- Del mellombels tilsette
- Gjennomsnittleg sjukefråvær pr år

Tiltak:

- Halde oppe satsinga på kompetanseheving for fagleg og administrativt tilsette
- Revidere personalpolitisk plan
- Vidareføre incentivordning for fast tilsette som ønskjer å ta doktorgrad
- Tilby professorstipend
- Legge til rette for å rekruttere og halde på tilsette med førstekompetanse
- Gje tilbod om ulike kurs i høgskulepedagogikk til alle tilsette
- Følgje opp tiltaka i handlingsplanen for mellombels tilsette
- Systematisk opplæring innan prioriterte HMS- område

Kommentarar:

Tiltaka er følgt opp. Fem har fått innvilga professorstipend, tre av desse er kvinner. Den interne PhD-ordninga er blitt så populær at det er innført ei ordning med avgrensing av tilgangen. Personalpolitisk plan er drøfta med dei tillitsvalde og det er planlagt å lage ein generell del som vert supplert med diverse vedlegg.

Når det gjeld HMS er det gjennomført førebyggjande ergonomi- undervising i grupper samt gjennomgang av arbeidsplass på AKF våren 2015. Det er og gjennomført førstehjelpskurs, brannvern-kurs og seminar og beredskap i samarbeid med politiet i samband med studiestart hausten 2015. Det er og gjennomført 40-timar HMS-grunnkurs for leiarar, AMU-medlemmer og verneombod.

Verksemmdmål 4.3: Høgskulen i Volda skal ha ein beredskapsplan som stettar sentrale krav og føringar

Tiltak:

- Utvide og tilpasse bruken av verktøy til risiko- og sårbarheitsanalysar
- Gjennomføre varslingsøving og kriseøving
- Kontinuerleg evaluering av beredskapen for studentar i utlandet
- Halde fram med kurs for studentar om trygg ferdsel i naturen
- Utvikle bruken av interne system til varsling i samband med kriser
- Halde fram arbeidet med fornying av infrastruktur for nettverk og oppfølging av ROS-analyse
- Ha gode arenaer for læring knytt til kriser og beredskap i organisasjonen
- Halde seminar om beredskap for den nye leiinga

Kommentarar:

Tiltaka er følgt opp. Kriseøving i regi av Sjømannskirka med fokus på hendingar i utlandet vart gjennomført 23.september 2015. Varslingsøving vart ikkje gjennomført i 2015. Leiarar og tilsette med roller knytt til kriseberedskap har delteke på to verkstadar, eit beredskapsseminar og ei kriseøving. I tillegg møttest sentral sikkerheitsgruppe 2-4 gonger i semesteret og IT/drift sikkerheitsgruppe om lag 2 gonger i semesteret.

| Tabell til sektormål 4 | Resultat | | | | | Ambisjonsnivå |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------|--------|--------|-------|-------|---------------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2015 |
| Driftskostnader pr avlagde 60-studiepoengeining (1 000 kr) | 124 | 122 | 125 | 133 | 133 | 140 |
| Driftskostnader pr publikasjonspoeng (1 000 kr) * | 2 573 | 3 317 | 4 458 | 3 324 | 3377 | 3 200 |
| Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillinger og talet på tilsette i administrative stillingar | 2,5 | 2,3 | 2,4 | 2,2 | 2,1 | 2,3 |
| Del førstestillingar av totale undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar | 42,3 % | 45,3 % | 46 % | 47% | 50,4% | 55% |
| Del kvinner med førstekompetanse | 31,3 % | 32,4% | 36,0 % | 36% | 38,9% | 45% |
| Del mellombels tilsette | 24,3 % | 19,8 % | 21,6 % | 19,2% | | 16% |
| Tal kvinner i toppstillingar | | 2 | 1,7 | 2 | 3,7 | 3 |
| Gjennomsnittleg sjukefråvær | 5,1 % | 4,3 % | 5,3 % | 3,5% | 4,7% | 3,5% |

Del IV: Styring og kontroll i verksemda

Overordna vurdering.

Høgskulen i Volda rettar seg etter reglane om styring og kontroll i Reglement for Økonomistyring i staten §§ 4 og 14 og Bestemmelser om økonomistyring i staten pkt. 2.4 om intern kontroll. Det overordna ansvaret for styring og kontroll i verksemda, inkludert internkontrollsystemet, ligg til høgskulen sitt styre og leiing.

HVO nyttar mål- og resultatstyring som sitt grunnleggande styringsprinsipp. Krav om internkontroll i økonomiregelverket skal vere ein løpande prosess integrert i mål- og resultatstyringa. Høgskulen viser til at samla måloppnåing er god, jf. årsrapport del III.

Av økonomiregelverket kan vi utleie fire kategoriar av målsetjingar ei verksemd skal oppfylle. Dei fire påverkar kvarandre gjensidig, og systematisk internkontroll og risikostyring skal inngå som element i alle fire.

HVO skal:

1. Oppfylle mål- og resultatkrav
2. Ha effektive prosessar og ressursbruk
3. Ha påliteleg rapportering og forsvarlege vedtaksgrunnlag
4. Overhalde lover og reglar, god forvaltningskikk, habilitet og etisk åtferd

Status for internkontrollarbeidet

Den overordna vurdering er at HVO har god styring og kontroll med verksemda. Det må likevel arbeidast vidare med systematikk og risikovurderingar på overordna nivå. Høgskulen er i startfasen med å utarbeide eit tenleg system for samla, overordna styring og kontroll, basert m.a. på DFØ sin metodikk og COSO sitt rammeverk.

HVO har i 2015 delteke i samarbeidsforumet for internkontroll i regi av Direktoratet for økonomistyring (DFØ). Det er gjennomført kartlegging av styrings- og kontrollmiljø ved hjelp av DFØ sine statuslister, og det er sett i gang test av internkontroll på utvalde risikoområde. Det er også sett fokus på attestasjonsrolla si betyding for internkontroll.

Det generelle bildet for dei fleste områda er at det finst prosesskildringar, styrande dokument og rutineskildringar, og at kontrolltiltak delvis er innebygd i prosessane og systemverktya. For å gjere gjeldande rammeverk enklare tilgjengeleg i organisasjonen, er det starta eit arbeid med vurdering av eigna system for etablering av dokumenthierarki for styrande dokument. Den nye løysinga vil gi betre struktur og ha betre søkemoglegheit enn dagens løysing.

HVO har i lang tid hatt periodisk budsjettoppfølging med bruk av budsjetteringsverktøyet Agresso Planner, og erfaringane her er at høgskulen har god kontroll på økonomien. Budsjetteringa vert gjort på alle nivå/einingar ved høgskulen, og budsjettoppfølginga viser gjennomgåande god budsjettstyring.

I tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet for 2015 er det nemnt fire fokusområde under overskrifta «oppfølging av revisjon og kartlegginger i sektoren.» Det er løn, bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) og innkjøp.

Lønnskostnadane vert budsjetterte på detaljert nivå, og det vert gjennomført analysar for å avdekke moglege avvik mellom berekna/budsjettert lønn og rekneskapsført lønn. Internkontrollen rundt lønn og lønnsendingar er vurdert som god.

I 2014 vart nye retningslinjer for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet ved HVO vedteke av styret. På intranettsida er relevant regelverk og malar samla, det er m.a. innført krav om utfylling av sjekklister for oppretting og avslutning av BOA prosjekt. Økonomidirektøren har kontrollansvar for all bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet ved høgskulen.

Vesentlege innkjøp vert utført av eit fåtal personar ved høgskulen. Desse har også ansvar for at innkjøp skjer etter regelverket. Økonomikontoret har rådgjevar med innkjøpskompetanse som kan gi råd og hjelpe til med innkjøpsprosessane. Det vert nytta innkjøpsavtalar frå samarbeidande partar for eksempel ved innkjøp av datautstyr.

Forhold departementet har bedt om særskild rapportering på

Oppfølging av vesentlege revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen

Det er ikkje gitt vesentlege merknader frå Riksrevisjonen dei siste åra. Tidlegare merknad frå Riksrevisjonen er følgt opp med korrigerande tiltak. Arbeidet med vidareutvikling av internkontroll ved høgskulen er prioritert for 2016.

Likestilling, diskriminering og tilgjengelegheit

Høgskulen i Volda skal gjennom eigen personalpolitikk medverke til eit godt arbeidsmiljø prega av inkludering, mangfald og likestilling (Strategiplan 2014-2018). Handlingsplan for likestilling og mangfald 2016-2020 vart revidert i 2015, det vart lagt ned eit omfattande arbeid med å planlegge, forankre og utarbeide planen. Revidert handlingsplan vart godkjent av høgskulestyret i januar 2016.

Høgskulen har eit utval for likestilling og mangfald som har i oppgåve å følgje opp, overvake og vere pådrivar for arbeidet med likestilling og mangfald. Utvalet har hatt fire møte i 2015.

Forhold knytt til likestilling, diskriminering og tilgjengelegheit ved HVO i 2015 følger UHRs mal for rapportering, og ligg som vedlegg til årsrapporten.

Lærlingar

Det er pr. dato tilsett to lærlingar ved HVO, den eine skal ta fagbrev i år. Det er lyst ut to nye lærlingplassar med søknadsfrist 1. mars. Frå hausten 2016 vil HVO etter planen ha to lærlingar tilsett innan lærefaget IKT, og ein innan kontor- og servicefag. Dette er dei lærefaga som vert vurdert som mest aktuelle for HVO.

Samfunnssikkerheit og beredskap

Det er etablert ei sentral sikkerheitsgruppe som har som oppgåve å forankre det systematiske arbeidet med ROS-analysar, initiere dialog med naudetatane, revidere beredskapsplan, gjennomføre årlege øvingar, samt vere støttefunksjon og pådrivar for systematisk HMS-arbeid. Sentral sikkerheitsgruppe har møte to-fire gonger i semesteret.

Den sentrale sikkerheitsgruppa initierte i juni to verkstadar der ROS-analysar som verktøy var tema. Som oppfølging har einingane laga ROS-analysar og tiltaksplanar på aktuelle tema.

Høgskulen gjennomførte seminar om beredskap for den nye leiinga i august 2015 i samarbeid med politiet.

Det vart gjennomført kriseøving i september i regi av Sjømannskyrkja, fokuset var hendingar i utlandet. Krise- og beredskapsplan for Høgskulen i Volda og beredskapsplan for HVO-studentar i utlandet vart reviderte i etterkant av øvinga.

I tillegg er det etablert ei IT/drift sikkerheitsgruppe som har møte om lag to gonger i semesteret. I samarbeid med IT-kontoret har gruppa utarbeida eit styringssystem for informasjonssikkerheit som er tilpassa HVO og avspeglar situasjonen på institusjonen. Sikkerheitspolicyen vart revidert våren 2015. Ulike ROS-analysar knytt til eksisterande og nye system er gjennomført. Alle tilsette fekk tilbod om å delta i e-læring om temaet IT-sikkerheit i samband med nasjonal sikkerheitsmånad.

Digital postkasse

UH-sektoren har teke initiativ til og oppretta eit samarbeid omkring innføringa av sikker digital postkasse (SDP). Det er danna ei arbeidsgruppe som vil jobbe med problemstillingar, erfaring og beste praksis. UNINETT har laga ein plan for innføring av SDP på oppdrag frå KD. Det praktiske

arbeidet med oppretting og tilrettelegging skjer i regi av DIFI og UNINETT, der HVO er innmeldt som brukar.

Tidstjuvar

Prosesen med å sjå på korleis vi kan avvike interne tidstjuvar begynte med diskusjonar i ulike leiarfora og i kontor- /avdelingsmøte. Det kom tidleg fram at dei største tidstjuvane oppstår i dei oppgåvene der ulike deler av organisasjonen er involvert i same arbeidsprosess. Skal vi lykkast med å fjerne tidstjuvar for høgskulen samla sett, er det dermed viktig å sikre at vi får med innspel frå dei ulike organisasjonseiningane.

Det vart oppretta eit eige prosjekt, der ni arbeidsgrupper fekk følgjande mandat: Kartlegge dagens praksis og utarbeide forslag til forbetringar og forenklingar som gir innsparing i tid- og ressursbruk for HVO samla sett. Alle arbeidsgruppene hadde med tilsette frå ulike deler av organisasjonen.

I samband med eit fellesseminar for alle administrativt tilsette hausten 2015 vart rapportane frå arbeidsgruppene med forslag til tiltak presenterte. Alle tilsette fekk høve til å kome med innspel, og tiltaks-forslaga er no godt gjennomarbeida. Ein del av tiltaka er allereie heilt eller delvis iverksette eller ordna, andre tiltak arbeider vi no med å prioritere i organisasjonen.

Resultat av prosjekt arbeid med interne tidstjuvar:

I arbeidet med dei interne tidstjuvane har ein i første omgang sett på korleis forenkla og forbetre arbeidsprosessane våre og samtidig gi like god eller betre teneste.

Dei ulike tiltaka er i to kategoriar: igangsett/gjennomført og planlagde/prioriterte:

Tiltak som er **igangsett eller gjennomført**:

- Ta i bruk nye modular og funksjonar i eksisterande datasystem
- Utarbeide fleire brukarretteiingar, også retta mot bruk av AV-utstyr
- Ansvarsavklaringar og betre rutinar på ulike område
- Fleire interne opplæringsmodular
- Innføre sjekklister/rutinar i samband med nye tilsette
- Meir informasjon på intranettet, også i samband med feilsituasjonar
- Erstatte papirskjema med digitale skjema der dette er mogeleg og ønskeleg
- Utarbeide systemkart HVO

Tiltak som er **planlagde eller skal prioriterast**:

- Etablere brukargrupper for ulike datasystem (SAP, Agresso)
- Årshjul/plan for opplæring
- Innføre førstelinjeteneste IT, eige nummer for feilmelding
- Innføre e-skjema i SAP og honorar via Altinn
- Rutinar for tilgang system utanom vanleg prosedyre
- Investere i AV-utstyr
- Investere i nye modular/funksjonalitetar i ulike system
- Forbetre informasjon og struktur på intranett

Del V: Vurdering av framtidsutsikter

Framtidsutsiktene for Høgskulen i Volda i det nye universitets- og høgskulelandskapet er gode. Høgskulen er ikkje i ein tvangssituasjon i form av svak kompetanse eller publisering. Akkrediteringar er ikkje i fare gjennom nye krav. Høgskulen i Volda har likevel dei siste to åra vore aktiv og foreslått ei rekkje alternativ i strukturspørsmålet, men så langt har ingen av alternativa av ulike grunnar synt seg å vere gjennomførlege. Men vurderinga til Høgskulen i Volda er altså at ikkje at det er avgjerande viktig for høgskulen å bli ein del av større einingar i nær framtid. Eventuelle framtidige fusjonsprosessar vil naturleg nok kunne ha mykje å seie for utviklinga av studiestaden Volda og dermed høgare utdanning i Møre og Romsdal.

Høgskulen i Volda har fordelene av å vere ein profilert og fokusert høgskule som er samla på ein campus og har ein stabil fagportefølje. Kompetansen både hos dei fagtilsette og i administrasjonen blir stadig betre.

Høgskulen har ca 4.000 studentar, og det er fleire enn nokon gong. Over 50 prosent av dei tilsette har oppnådd førstekompetanse, også det er fleire enn nokon tidlegare. Resultata frå studentvurderingar (Studiebarometeret) syner at Høgskulen i Volda samla sett får gode vurderingar frå studentane, samanlikna med andre høgskular.

Det skjer no store endringar i det private næringslivet i vår region. Tidlegare har slike konjunkturskifte gjort at mange av studietilboda ved Høgskulen i Volda har vorte meir attraktive, då dei i hovudsak er retta mot offentleg sektor. Dette understrekar kor viktig det er at kunnskapssystemet i regionen er mangfaldig og godt balansert mellom privat og offentleg, mellom teknologi- og ingeniørfag og samfunnsfag og humaniora.

Møre og Romsdal Fylke har i landsmålestokk få med høgare utdanning og eit stort behov for fleire med høgare utdanning i offentleg verksemd, skule og barnehage. Så det er eit stort behov for kandidatar frå Høgskulen i Volda i Møre og Romsdal og Nordvestlandet elles. I dette bildet er også etter- og vidareutdanningstilboda våre viktige.

Det er ei rekkje utfordringar som høgskulen står overfor dei komande åra. Vi ligg ikkje godt an når det gjeld eksterne inntekter (BOA-inntekter). Men på den andre sida har vi teke på oss heile 10 ekstraordinære oppdrag innanfor Kompetanse for kvalitet.

Møreforskning Volda AS har vorte etablert og skal vere med på å styrke den samla BOA-aktiviteten i Volda.

Andre utfordringar som også har stort potensial for mange positive ringverknader er campusutviklingsprosjektet. Gjennom eit regionalt samarbeid, særleg med Volda kommune, kan Høgskulen i åra som kjem få reist eit nytt mediehus, etablert kunnskapspark og også få fornya idrettsbygg på høgskuleområdet.

Femårige grunnskulelærarutdanning blir innført frå 2017, og det er varsla auka kompetansekrav i åra som kjem. Vi har over mange år fått god utvikling i kompetansen hos tilsette, og reknar med at det vil halde fram i åra som kjem. Dekan ved AHL har gjort ei vurdering av om HVO vil kunne klare krava til dei nye grunnskulelærarutdanningane. Konklusjonen hans er at det er liten risiko for at HVO ikkje vil klare desse krava.

Sektormål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forskning

Generell vurdering

Utdanning

Talet på studentar ved HVO har stabilisert seg på eit høgt nivå. Det er ikkje eit generelt mål å auke særleg meir. Grunnskulelærerutdanningane har fått skjerpa opptakskrav frå 2016 og i 2017 skal vi starte opp med utdanningar på masternivå. Vi må rekne med at begge desse endringane vil føre til nedgang i tal studentar på grunnskulelærerutdanningane.

Men for å tilfredsstillе behovet for lærarar i regionen og for å få ei meir berekraftig drift, er det ei prioritert oppgåve å auke opptaket på grunnskulelærerutdanningane, og særleg på 1 - 7. Vi må også auke studenttalet på nokre av masterutdanningane. Samstundes er det eit prioritert mål å auke søkninga til studia våre generelt. Vi ønskjer større konkurranse om studieplassane for å sikre oss godt kvalifiserte og sterkt motiverte studentar. Det fører til betre gjennomstrøyming, meir inspirerende læringsmiljø og betre omdøme.

HVO er blant dei beste i landet på gjennomføring i bachelorutdanningane og lærarutdanningane, men når det gjeld masterprogramma varierer fullføringa ein del. Graden av gjennomstrøyming varierer også mellom studia. På nokre er fråfallet større enn vi ønskjer.

Mediefaga

HVO har det største mediefagmiljøet i landet, og vi har ambisjon om å vere i fremste rekkje i Skandinavia på yrkesretta medieutdanningar. Masterprogrammet i dokumentar og journalistikk er etablert og har rekruttert bra, men AMF vil no i lag med AKF utvide mastertilbodet til å gjelde studentar frå alle bachelorprogramma innan mediefag i Volda. Dette er i tråd med målsetningane til HVO og vil styrke mediemiljøet totalt. Med den kompetanseoppbygginga vi har hatt siste åra er dette realistisk, og ei gruppe er sett ned for å utarbeide NOKUT-akkreditering for ein slik omarbeida master. Målet er å få sett den nye masteren i drift frå hausten 2017. HVO har god kvalitet i medieutdanningane, men bygningane er ikkje tilfredsstillande og eit nytt bygg for mediefaga er under planlegging. Det er også ei utfordring å henge med utstyrmessig. For å styrke kvaliteten og gjere HVO til ein meir attraktiv studiestad, vil AMF samarbeide med Universitetet i Bergen for å utvikle ein søknad om Senter for framifrå utdanning.

Nynorsk

Høgskulen i Volda profilerer seg med å ta eit ekstra ansvar for nynorsk språk og kultur. Vi har eit eige Forskingssenter for skriftkultur, Master i nynorsk skriftkultur og vidareutdanning i Nynorsk i opplæringa. HVO samarbeider nært med Nynorsk kultursentrum (Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda) og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa. Frå eit språkpolitisk perspektiv er det særleg viktig å ta vare på lærar-utdanningane i Volda som er så sterkt knytte mot dette nynorske forskings- og formidlings-miljøet. Lærerutdanning i ein region med nynorsk som hovudmål skal ha ekstra fokus på nynorsk i lærarutdanningane.

Det er ein ambisjon å styrke forskinga på nynorskfeltet. Dette vil m.a. skje i samarbeid med nynorsknettverket i UH-nett Vest.

Lærerutdanningane

Grunnskulelærerutdanninga (GLU) blir masterutdanning frå 2017. HVO har i dag ein master i undervisning og læring med førebels tre spor. Med utgangspunkt i nokre felles emne kan studentane velje spesialisering i spesialpedagogikk, norsk eller matematikk. Slik har HVO gjort seg nyttige erfaringar og alt etablert eit tilbod som vil vere godt utgangspunkt for ny lærarutdanning på masternivå. Vi har også eit sterkt fagmiljø i engelsk som i «Lærarløft»-samanheng blir omtalt som det tredje sentrale skulefaget. Vidare har høgskulen sterke fagmiljø på dei fleste andre skulefaga (dei praktisk-estetiske faga, samfunnsfag og RLE). Våren 2015 vart det nedsett ei intern arbeidsgruppe

som har arbeidd med å utvikle dei nye Grunnskulelærerutdanningane ved HVO. I løpet av 2016 må dette arbeidet fullførast, og vi må søke om godkjenning av dei nye utdanningane. Dette er krevjande då Rammeplanen ikkje vil vere endeleg godkjent før nærare sommaren, nye mastergradsforskrifter er under utarbeiding og vi har ein pågåande strukturdebatt.

Målretta satsing på forskning og kompetanseheving over tid, gjer at vi i dag har godt kvalifiserte fagpersonar. Tilhøva ligg såleis til rette for å løfte grunnskulelærerutdanningane ved HVO opp til masternivå.

Ny forskrift for PPU – allmennfag kom rett før jul 2015. Dette inneber at vi våren 2016 må jobbe fram nye planar som er klare for studieåret 2016/2017. Nye opptakskrav vil gjelde først for opptaket 2017. Vår ambisjon er at vi skal tilby PPU på masternivå. Det er viktig både for å dekkje behova for lærarar i regionen og for halde oppe og utvikle dei gode fagmiljøa.

HVO vil prioritere vidare utvikling av den nye barnehagelærerutdanninga. Vi vil vere ein sentral utviklingsaktør i høve barnehage og skule i regionen. Det skjer som før i tett samarbeid med fylkesmannembetet og skule- og barnehageeigarane.

Samfunnsfaga

Fagtilboda ved avdeling for Samfunnsfag og historie er i hovudsak retta mot ein omstillingsprega offentleg sektor. Det gjeld velferds- og helsetenestene, kommunal- og regional sektor og utdanning. I samarbeid med yrkesfeltet vidareutviklar vi våre utdanningstilbod på bachelor og masternivå og vår portefølje av etter- og vidareutdanning. Tilboda er godt forankra i fagmiljøa, og vi ser ikkje for oss vesentlege endringar i den faglege profilen.

Offentlege utgreiingar og stortingsmeldingar etterlyser både meir spesialisering og meir breidde i utdanningstilbod som er innretta mot førebyggjande sosialt arbeid, folkehelse, barnevern, primærhelseteneste og NAV-relaterte tenester. For oss gjeld dette spesielt sosialfaga, men også emne knytt til offentleg planlegging, organisering og leiing. Endringane i lokal/regional forvaltning opnar for meir spesialiserte arbeidsoppgåver, og utdanningane må møte utviklinga med relevant innhald på bachelor- og masternivå, og i kurstilbod om etter- og vidareutdanning.

Historiefaget har ein profil som vektlegg regionale problemstillingar og komparative perspektiv på samfunn i endring. Det gjeld næringsutvikling, politikk og politisk mobilisering, sentrum-periferi relasjonar og kultur møte.

Mastertilboda ved avdelinga er samlingsbaserte og rekrutterer vidt geografisk. Det er difor viktig å tenkje arbeidsdeling, samordning og samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar i vår region, slik at vi supplerer kvarandre og ikkje konkurrerer med dei same tilboda. Vi har forventningar om at samarbeidet i UH-nett Vest kan møte denne utfordringa. Det er også eit mål å tilby emne frå våre mastertilbod til dei andre høgskulane i Vestlandssamarbeidet.

Doktorgraden i samarbeid med Høgskolen i Molde kom i drift frå hausten 2015 med god søkning. Fagleg sett er dette tilbodet nært knytt til ASH, men det bør understrekast at doktorgraden er og skal vere relevant for fleire avdelingar, og er slik eit ansvar og eit tilbod for heile høgskulen.

Dei praktiske og estetiske faga

Ein viktig del av profilen vår er at vi har satsa på dei praktiske og estetiske faga. Med over 40 stillingar knytt til desse faga, og 9 nye doktorgradar under arbeid, er dette eit fagmiljø som utmerkjer seg i nasjonal samanheng. Ei vidare utvikling av dei praktiske og estetiske faga kan skje i samarbeid med andre institusjonar på Vestlandet.

Følgjegruppa for GLU har peika på at det er problematisk at dei små skulefaga ikkje blir tekne godt nok vare på i dagens modell. HVO kan ta ei regional/nasjonal rolle her under føresetnad av auka ressursar. Det at vi har SEANSE – senter for kunstproduksjon med løyvingar frå både Kunnskapsdepartementet, Kulturdepartementet og Møre og Romsdal fylkeskommune – kan byggje opp under ei slik rolle. Dei praktiske og estetiske faga er i gang med å utvikle mastertilbod. Dette er i tråd med høgskulen si målsetting om at alle BA-studentane på HVO skal ha eit MA-tilbod innafor sitt fagområde. Høgskulen vil satse på utvikling av ein brei mastergrad innanfor desse faga.

Forskings- og utviklingsarbeid

Høgskulen sine forskingsområde ligg innanfor humaniora og samfunnsfag i vid tyding. I nokre av desse er det stort potensial for eksterne prosjekt gjennom NFR og EU-program eller oppdrag for regionalt næringsliv. I andre fag er det få slike midlar å hente. Høgskulen må bli betre på å utnytte høvet der det finst relevante utlysingar og moglege samarbeidspartnarar. Samstundes må vi i stor grad basere oss på at FoU-aktiviteten er finansiert gjennom stillingsressursen. Difor er det eit hovudsiktemål å sikre betre utnyttinga av han.

I strategiplanen for FoU vert det peika på fleire utfordringar i arbeidet med å auke FoU-aktiviteten. Strategien er å få meir konsentrert tid til FoU, fleire aktive forskarar, betre kollegarettleing, gode støttetiltak for stipendiatane, fleire kvinner i toppstillingar og auka søknads- og prosjektleingskompetanse. Viktige tiltak i FoU-planen elles er å betre finansieringa av FoU-stipenda, oppretthalde og forbetre systemet for premiering av fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, prioritere kvinner som er nær toppkompetanse ved søknader om stipend og forskingstid, og spreie meir informasjon om gode FoU-resultat. HVO vil sette i verk relevante tiltak for å møte desse utfordringane. I 2016 prioriterer vi styrking av budsjettposten for vikar ved FoU-stipend, såkornmidlar, oppretting av fleire professorstipend og revisjon av FoU-planen. Mykje av FoU-verksemnda ved HVO er profesjonsretta.

Ambisjonane innanfor FoU-området handlar både om forskingspublisering og formell kompetanseheving. Høg publiseringsgrad er ein viktig føresetnad for å kunne skape interesse for høgskulens fagmiljø frå aktuelle samarbeidspartnarar i inn- og utland, og det er også ein føresetnad for å skrive gode søknader om forskingsmidlar og dermed skaffe prosjektinntekter – som igjen vil gi nye midlar til forskning og publisering.

Høgskulen starta i 2014 eit arbeid med å la forskarinitierte og forskarstyrte forskingsgrupper få tydelegare roller og forventningar i kunnskapsutviklinga ved høgskulen. Forskingsgrupper vil ha ulike roller på ulike fagområde ut frå faga sine føresetnader. Høgskulen har som ambisjon å avklare desse gruppene sine potensial i lokal og nasjonal kunnskapsutvikling, forskings-samarbeid og prosjektarbeid. Våren 2016 legg HVO opp til ein omfattande prosess for å lage ein ny strategisk plan for FoU.

Internasjonalisering

Når det gjeld ambisjonane for internasjonalisering har HVO allereie underteikna samarbeidsavtale med University of Cardiff i samband med den godkjende PhD-utdanninga i helse- og sosial. Vi ønskjer også å lage ein felles mastergrad i religionskunnskap saman med Åbo akademi og Teologiska Høgskolan i Stockholm. Her er planlegginga godt i gang. Vi har også ein dobbelgrad i mediefag med Universitetet i Kiel.

På litt lengre sikt vil vi utvikle ein internasjonal fellesgrad innafor animasjon. Meir generelt vil vi vidareutvikle det faglege samarbeidet om utdanning og forskning med våre etablerte utanlandske partnarar. Målet er framleis å ligge i nasjonal tet når det gjeld studentutveksling.

Verksemdmål 1.1: Høgskulen i Volda skal vere høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i regionen og skal vere nasjonalt leiande i yrkesretta medieutdanning. Institusjonen skal gi fag- og profesjonsutdanningar på bachelor-, master- og PhD-nivå for samfunnsutvikling, skule og barnehage, velferd, media og kultur.

Risikovurderingar:

HVO har lenge vore rekna som landets fremste yrkesretta medieutdanning. Det vil vere krevjande å halde oppe ein slik status, og det er viktig for høgskulen å halde seg à jour med utviklinga på mediefeltet. Dette gir oss utfordringar både med omsyn til økonomi, teknologi og fagkompetanse.

Det er ei utfordring å skaffe nok lærarar i vår region. Denne utfordringa deler vi med fleire andre regionar i landet. Det er såleis eit nasjonalt mål å gjere læraryrket meir attraktivt. Blir talet på lærarstudentar for lågt, kan det vere problematisk å gje eit variert fagtilbod innanfor lærarutdanninga. Dette vil også ha negativ verknad i samband med rekruttering av lærarar i regionen. Innføringa av den nye grunnskulelærarutdanninga stiller store krav til kompetanse og ressursar generelt, og vil krevje klar strategisk planlegging i involverte fagmiljø.

Det blir også krav om mastergrad for å ta PPU. HVO er positiv til auka kompetanse for lærarar på alle nivå, men framlegget om ny forskrift med skjerpa opptakskrav kan få utilsikta følgjer for mange fagmiljø og samstundes føre til mangel på kvalifiserte lærarar. I dag har høgskulen masterutdanningar i nokre skulefag. Dersom vi også i framtida skal kunne sikre god tilgang på lærarar i regionen i alle fag, må vi satse på å utvikle fleire mastertilbod. Ei slik satsing er i tråd med HVO sin strategiplan.

Nye undervisningsmetodar inneber krav til moderne teknologi og fleksible undervisningsareal. HVO treng ein grundig gjennomgang og oppgradering av bygningsmassen og utstyret for å kunne møte dei framtidige utfordringane. Vi har behov for meir moderne rom både for mykje av den samlingsbaserte vidareutdanninga vår, og ikkje minst spesialtilpassa lokalitetar for satsingsområdet media/kultur/formidling. Som eit tiltak for å betre infrastrukturen gjennomførte vi eit campusutviklingsprosjekt i samarbeid med Statsbygg skuleåret 2014-2015. Her såg vi på utviklinga av heile campusområdet i eit langsiktig perspektiv. Prosjektet blir følgt opp i 2016 planlegging av nybygg for mediefaga og oppgradering av uteareala.

Verksemdmål 1.2: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktiv høgskule både regionalt og nasjonalt

Risikovurderingar:

Svak søkning til fleire av grunnutdanningane kan gjere det vanskeleg å desse måla. Sjølv om vi hadde eit bra opptak av nye studentar i 2015, har vi framleis ikkje god nok rekruttering til grunnskulelærarutdanningane. Endringar i opptakskrav og omlegging av studia vil gjere det vanskeleg å oppretthalde rekrutteringa til Grunnskulelærarutdanningane og PPU allmennfag dei komande åra. Stigande arbeidsløyse og lågkonjunktur kan ha den motsette effekten. Vi ønskjer oss også meir konkurranse om studieplassane til dei andre velferdsutdanningane. Velferdsstatens yrke har over tid generelt sett ikkje hatt høg nok status. Det har i tillegg lenge vore lett tilgang på godt løna arbeid i privat sektor i regionen, men dette har endra seg ein del den siste tida. Det er likevel ei nasjonal oppgåve å møte framtidige behov for å løyse oppgåvene i velferdsstaten gjennom å ta ansvar for å gjere velferdsutdanningane meir attraktive.

På grunn av låg basisløyving er HVO mellom dei høgskulane som har flest studentar pr tilsett. På sikt kan det føre til at HVO ikkje maktar å halde oppe kvaliteten på undervisninga og dermed bli mindre attraktiv.

Verksemdmål 1.3: Høgskulen i Volda skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.

Risikovurderingar:

Måloppnåinga her heng saman med 1.2. Dersom ikkje HVO får gode og motiverte studentar, kan det føre til fråfall som går ut over gjennomstrøyminga. Det er likevel slik at måloppnåinga i høve gjennomføring på normert tid på HVO er godt over landsgjennomsnittet. Dersom undervisnings- og vurderingsformene i studia ikkje er tilpassa læringsutbyttet, kan det også gå ut over måloppnåinga. Det er vidare viktig å ha god nok kontakt med praksisfelta, og syte for at studia har rette relevansen for arbeidslivet.

Verksemdmål 1.4: Høgskulen i Volda skal oppnå betre FoU-resultat ved god tilrettelegging

Risikovurderingar:

Ei utfordring er at forskingsverksemda vert nedprioritert i høve til undervisninga. Ein føresetnad for effektiv forskning kan vere meir samanhengande tid til FoU. Tap av toppkompetanse kan også skje ved at tilsette vel å gå til andre institusjonar og ved at ein går av ved oppnådd aldersgrense.

Verksemdmål 1.5: Høgskulen i Volda skal syte for god gjennomføring av forskarutdanninga.

Risikovurderingar:

Ei vellukka forskarutdanning avheng av fleire faktorar: til dømes kandidaten si evne og livssituasjon, kvaliteten på rettleiinga og på støtteapparatet rundt. Eit trugsmål mot måloppnåinga er om oppfølginga av stipendiatar ikkje er god nok. Dette gjeld både oppfølginga ved dei doktorgradsgivande institusjonane og ved Høgskulen i Volda.

Verksemdmål 1.6: Høgskulen i Volda skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane

Risikovurderingar:

Høg kvalitet er avhengig av at dei fagtilsette har nok ressursar, både tidsmessig og økonomisk til å reise på partnerbesøk og ta imot partnerar.

Å koordinere, oppretthalde og eventuelt auke mobiliteten krev mange ressursar. Høgskulen i Volda har knappe ressursar, men har så langt greidd å halde oppe eit godt internasjonalt nettverk som gir studentane våre store mange val.

| Tabell til sektormål 1 | Resultat | | | | | Ambisj. nivå |
|---------------------------------------------------------------------------------|----------|------|------|------|------|--------------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
| Talet på primærøkyarar i samordna opptak | 1349 | 1496 | 1196 | 1247 | 1200 | 1350 |
| Talet på primærøkyarar per studieplass | 1,3 | 1,3 | 1,4 | 1,3 | 1,3 | 1,5 |
| Opptak til GLU | 84 | 84 | 84 | 90 | 87 | 100 |
| Talet på studietilbod i samarbeid med andre norske institusjonar (fellesgrader) | 2 | 2 | 2 | 3 | 2 | 2 |
| Del utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar (ny) | | | | | 2,6% | 2,6% |
| BA-kandidatar gjennomføring på normert tid (ny) | | | | | 60% | 65% |
| MA-kandidatar gjennomføring på normert tid (ny) | | | | | 23% | 35% |
| Publikasjonspoeng per fagleg årsverk | 0,57 | 0,48 | 0,36 | 0,51 | 0,51 | 0,50 |
| NFR-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1.000 kr) | 19 | 19 | 17 | 13 | 12 | 15,0 |
| Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk (ny) | | | | | | |
| Delen ph.d. -kandidatar som gjennomfører innan seks år | | | | 45 % | | 75% |

Sektormål 2 – Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Generell vurdering

HVO har allereie ei brei kontaktflate med i første rekke aktørar innanfor det regionale arbeidslivet, men vi samarbeider også aktivt med nasjonale aktørar som er mottakarar av kandidatane våre. Høgskulen i Volda har jamleg møte med sentrale aktørar regionalt og nasjonalt om utdanning og forskning. I desse dialogane får vi innspel til forbetring av grunnutdanningane, og vi legg grunnlag for utvikling av tilpassa etter- og vidareutdanningstilbod. Den eksterne verksemda har auka dei seinare åra, men vi har framleis potensial for vekst, spesielt innafor offentleg verksemd. Vi ser også mulighetene i det private næringslivet og har teke fleire initiativ der.

Vi har reorganisert EVU-verksemda og gitt avdelingane større ansvar for å stimulere til auka aktivitet.

Formidling er ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt. Vi har utvikla vårt eige poengsystem for å stimulere formidlinga. Forskingsdagane er både god formidling og marknadsføring av HVO. Dei har hatt god oppslutning. Vi vil halde oppe innsatsen på desse områda.

Verksemdmål 2.1: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktivt samarbeidspartnar i regional utvikling, innovasjon og verdiskaping

Risikovurderingar:

Utfordringa er å få til ein god dialog med våre samarbeidspartnarar og å etablere møteplassar for å bli kjende med kvarandre. Det er viktig for måloppnåinga at sentrale aktørar kjenner til kva kompetanse HVO har. Det gjeld særleg innanfor det private næringslivet. Eit anna trugsmål kan vere konkurranse i marknaden.

Faste statlege og fylkeskommunale løyvingar til Seanse – senter for kunstproduksjon representerer eit gjennombrøt etter lang tids arbeid med kunst for barn og unge ved HVO. Føresetnaden for drift av Seanse er at HVO held oppe aktiviteten innafor kulturfaga og sikrar den faglege kompetansen på feltet. Gjennom samarbeid mellom Seanse, Sunnmøre Kultur næringshage og studietilbod i etablering innafor kulturnæringane, kan HVO medverke til auka aktivitet i samband med kunstnarleg verksemd og frie kreative yrke.

Verksemdmål 2.2: Høgskulen i Volda skal tilføre samfunnet resultata frå FoU-verksemda gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt

Risikovurderingar:

Dersom HVO ikkje lukkast med formidling, kan vi lett bli usynleg i regionen og oppfatta som mindre interessant. Næringslivet sine talerør er mykje sterkare enn det offentlege. HVO har laga ei intern incentivordning som premierer formidling. Utfordringa er å få fleire til å vere aktive.

| Tabell til sektormål 2 | | | | | | Ambisj. nivå |
|--------------------------------------------------------------|------|------|------|------|------|--------------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
| Andre BOA-inntekter utanom NFR og EU per fagleg årsverk (ny) | 51 | 47 | 46 | 58 | 75 | 80 |
| Bidrag sinntekter NFR per fagleg årsverk (ny) | 19 | 19 | 17 | 13 | 12 | 20 |
| Mottekne forretningsidear (ny) | 1 | 2 | 3 | 0 | 0 | 2 |

Sektormål 3 – God tilgang til utdanning

Generell vurdering

HVO har mange fleksible studietilbod med svært god søkning. Fleire av dei er nettstudium. I åra framover vil vi vidareutvikle digitale undervisnings- og vurderingsformer. Vår ambisjon er framleis å vere blant dei aller beste på fleksible nettstøtta studietilbod. Dette stiller nye krav til pedagogisk og didaktisk kompetanse, infrastruktur og støttefunksjonar.

Livslang læring er viktig for å leggje til rette for nødvendig omstilling og fornying for den einskilde og for samfunns- og arbeidslivet. Styresmaktene har lagt opp til ein stor vekst i

vidareutdanningsmarknaden framover. HVO vil prioritere å vere aktiv med slike tilbod på alle område der vi har grunnutdanningar: skule, barnehage, helse- og sosial. Den største satsinga på etter- og vidareutdanning vil vere innafør offentleg sektor. Men vi har også ambisjonar om å utvikle tilbod for næringslivet om leiing, religion, kulturforståing, språk, krisehandtering og media.

Dei fleksible vidareutdanningstilboda spelar ei avgjerande viktig rolle for å imøtekomme arbeidstakarane sine behov for livslang læring. Vi har pr. i dag stor kapasitet på fleksibel vidareutdanning, og vi kan bidra til å utvide denne kapasiteten monaleg, til dømes når det gjeld vidareutdanning av lærarar. Her ligg det godt til rette for at HVO kan spele ei sentral rolle i å hjelpe styresmaktene med «Lærerløftet». HVO vidareutdannar årleg mange lærarar gjennom fleksible og distanseovergripande studium i sentrale skulefag som norsk, engelsk, matematikk, RLE, historie, samfunnsfag – i tillegg til emne som digital kompetanse i læring.

Verksemdmål 3.1: Høgskulen i Volda skal utvikle fleksible utdanningstilbod i samarbeid med regionale og nasjonale aktørar

Risikovurderingar:

Hyppig kontakt og godt samarbeid med eksterne partar er viktig for vidareutvikling av akademien. Det kan gjere studietilboda våre relevante, auke søkinga og gi større eksterne inntekter. Tilgangen på faglege ressursar kan vere ein kritisk faktor når det gjeld eksterne aktivitetar. Måloppnåing på dette feltet er avhengig av fleksibel utnytting av dei tilgjengelege ressursane. Utfordringa er at desse ofte er bundne opp av arbeidsoppgåver i grunnutdanningane. Det vert stadig større krav til formulering av gode søknader, og høgskulen må ha nødvendig kapasitet og kompetanse til å takle desse oppgåvene.

Studietilbodet ved HVO er viktig, særleg for offentleg sektor i regionen. Forskingsresultat syner at høgskular i distrikta har ein avgjerande funksjon med tanke på å sikre godt utdanna arbeidskraft og kompetanseutvikling i regionane. Pågåande sentraliseringsprosessar og moglege framtidige fusjonar kan både føre til reduksjon og styrking av studietilboda i Volda. Utfordringa for høgskulen vert å ha både faglege og økonomiske ressursar til å sikre gode studietilbod. Vi veit at eit stort fleirtal av dei som har vakse opp i ein region og tek utdanninga si der, vert verande og tek seg arbeid i regionen.

Teknologiske nyvinningar gjer EVU-marknaden nasjonal; geografisk avstand er ikkje lenger hinder for å tilby studium. Dette gir store mulegheiter for HVO, men eit trugsmål kan vere at konkurransen aukar.

| Tabell til sektormål 3 | | | | | | |
|------------------------------------|------|------|------|------|------|------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
| Tal fleksible studietilbod | | | | 70 | 68 | 70 |
| Tal eksternt finansierte studentar | 184 | 262 | 245 | 188 | 260 | 260 |
| Tal studentar fjernundervisning | | | 1082 | 1016 | 914 | 1000 |
| Kandidattal lærarutdanningane | | | | | 197 | 191 |
| <i>Kandidattal GLU 5-10</i> | | | | | 28 | 29 |
| <i>Kandidattal GLU 1-7</i> | | | | | 22 | 43 |
| <i>Kandidattal BLU</i> | | | | | 75 | 59 |
| <i>Kandidattal PPU</i> | | | | | 72 | 60 |

Sektormål 4 – Effektiv, mangfoldig og solid høgre utdanningssektor og forskingsystem

Generell vurdering

Styret baserer den interne fordelinga på ein budsjettfordelingsmodell som er utvikla gjennom fleire år. Intensjon er å vidareføre best mogleg dei prinsippa som ligg i fordelingsmodellen frå departementet, men samstundes ta i vare egne prioriteringar. Internfordelinga skal stimulere til effektiv ressursbruk, måloppnåing i høve strategiplanen og dei årlege planane ved HVO. Fordelinga skal og sikre oppfølging av dei føringane om ressursbruk som departementet gir i tildelingsbrevet.

Tilstandsrapporten 2015 viste at HVO framleis er blant dei mest kostnadseffektive høgskulane. Kostnaden per uteksaminert heiltidsekvivalent er låg, og vi utnytter ressursane effektivt.

For å sikre robuste fagmiljø, og styrke miljø som ikkje er så solide, må HVO halde fram med å rekruttere nye, godt kvalifiserte fagfolk og samstundes leggje til rette for å heve kompetansen til egne tilsette. HVO står i eit generasjonsskifte der fleire tilsette med toppkompetanse vil gå av med pensjon dei neste ti åra. Det er likevel slik at tilgangen på førstekompetente ser ut til å auke jamt, og HVO har mange tilsette i PhD- og førstelektorløp. Foreløpig har vi greidd å erstatte toppkompetansen i rimeleg grad, men det må fortsatt vere fokus på dette i åra framover. I budsjettet for 2016 ligg det inne auka satsing på kompetanseutvikling og forskning.

Det er krevjande å imøtekome endra krav frå sentrale hald i eit tempo som tek i vare behova for medverking og forankring i organisasjonen. Dette gjeld både endring i regelverk, politiske føringar og endra føresetnader i UH-sektoren og arbeidsmarknaden.

HVO har i 2015 delteke i samarbeidsforumet for internkontroll i regi av Direktoratet for økonomistyring (DFØ) for å styrke kompetansen på internkontrollområdet. Kartlegging av tilstanden på området internkontroll tyder på at det er behov for å etablere eit overbyggande IK system for å gjere våre retningslinjer, rutinar og regelverk lettare tilgjengeleg.

Fokuset på samfunnssikkerheit og beredskap har medført ei auka bevisstheit i organisasjonen. HVO har organisert arbeidet med sikkerheit gjennom to grupper med mandat frå høgskuledirektør. Dette sikrar ei brei forankring og bidreg til jamn aktivitet på ulike sikkerheits-område gjennom året. I 2015 tok Høgskulen i Volda del i Uninett sin opplæringspakke i samarbeid med NORSIS under den Nasjonal sikkerhetsmånad.

Verksemdmål 4.1: Høgskulen i Volda skal ha organisering, system og ordningar for å sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

Risikovurderingar:

HVO har eit ansvar for å sikre målretta og effektiv drift, påliteleg rapportering og etterleving av lover og reglar. Det betyr at vi må ha rutinar og prosessar som er godt forstått av heile organisasjonen og at vi sikrar at desse vert etterlevd. Vi må vere særskilt merksame ved regelendring og ved utskifting av tilsette. Internkontrollsystemet må utformast slik at risikoen vert redusert.

Vi har per i dag ikkje god nok løysing for å gjere retningslinjer, rutinar og regelverk lett tilgjengeleg for alle tilsette. Det er også tidkrevjande å halde vårt interne regelverk oppdatert.

Dagens ordning med instituttleiarar/seksjonsleiarar inneber at ein må arbeide systematisk med opplæring for å få kontinuitet og tilstrekkeleg kompetanse på ulike område.

Høgskulen i Volda har over 20 system knytt til sentrale administrative område. Det er ein risiko knytt til kontinuiteten i bruk av systema fordi det er få tilsette som bruker kvart av dei til dagleg, og det er krevjande å ha «back-up»-kompetanse tilgjengeleg i så stor grad som ein kunne ønskje.

Ei utfordring er for lite areal på grunn av auke i studenttalet. Det kan truge målet om fleire fleksible undervisningsløysingar. Det kan føre til eit lite attraktivt arbeidsmiljø for tilsette og studentar.

Verksemdmål 4.2: Høgskulen i Volda skal gjennom personalpolitikken medverke til eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø

Risikovurderingar:

Det er ei utfordring å tiltrekkje seg og halde på arbeidstakarar med høg kompetanse. Det er ein risiko at godt kvalifiserte tilsette sluttar fordi vi ikkje kan tilby gode nok vilkår ut frå dei økonomiske rammene vi disponerer. Utviklinga for HVO går i ei positiv retning med dei tiltaka som er sett i verk både når det gjeld del førstestillingar og del kvinner med førstekompetanse. Når det gjeld del kvinner i toppstillingar ligg HVO ikkje på ønska nivå.

Gode arbeidsmiljø utviklar seg best når tilsette opplever rimeleg grad av stabilitet, mulegheit til medverknad og tilstrekkelege rammer for å løyse forventa oppgåver. Strukturdebatten har medført uvisse. Endring i rammevilkår, interne omorganiseringar og konflikhtar av ulike slag er og potente risikofaktorar for arbeidsmiljøet.

For å sikre eit godt og trygt arbeidsmiljø vert det årleg utarbeida HMS-handlingsplan som er styrande for HMS- og beredskapsarbeidet. Planen inneheld klare mål, ansvar og fristar og vert godkjend av Arbeidsmiljøutvalet.

Nasjonale satsingar av mellombels karakter gjer det utfordrande å avgrense talet på mellombels tilsette.

Verksemdmål 4.3: Høgskulen i Volda skal gjennom organisasjonskultur og planverk ha god kompetanse som stettar krav til samfunnssikkerheit og beredskap

Risikovurderingar:

Høgskulen i Volda sine studentar, tilsette, bygningsmasse og infrastruktur kan setjast i fare av ulike uføresette hendingar. I slike tilfelle skal organisasjonen agere etter ein beredskapsplan. Utfordringa er å vere budd på situasjonar som er lite sannsynlege. Beredskapsplanane bør dekke scenario som kan gje personskadar eller materielle skadar av eit visst omfang eller alvor. I hovudsak vil slike situasjonar kunne oppstå som følgje av naturskade, ulukker eller kriminalitet. I tillegg kan sensitiv informasjon bli gjort tilgjengeleg ved brot på informasjonssikkerheitsrutinar. God handtering i krisesituasjonar er avhengig av at ansvarlege får høve til å øve tilstrekkeleg og at organisasjonen greier å dra nytte av erfaringar.

Studentar og tilsette sin tryggleik kan setjast i fare gjennom ulukker eller kriminelle hendingar både på campus og på ekskursjonar i nærleiken og i utlandet. Ferdsel i naturen på Sunnmøre kan representere ein risiko dersom ein ikkje er budd. Det er ein risiko om ikkje personar med kommunikasjons- og rørslehindringar blir tekne vare på i samband med eventuell varsling og evakuering.

Når det gjeld bygningsmasse og IT-infrastruktur er det i hovudsak risiko knytt til naturskade, sabotasje- og slitasje-problematikk som krev beredskapsarbeid. HVO er svært avhengig av at IT-systema fungerer til ei kvar tid. Forventninga er høg oppetid døgnet rundt heile året. Straumbrot og manglande redundans er faktorar som er viktig å ha beredskap for.

| Tabell til sektormål 4 | | | | | | Ambisj. nivå |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------|--------|--------|--------|--------|--------------|
| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
| Driftskostnader per avlagde 60-studiepoengeining (1 000 kr) | 124 | 122 | 125 | 133 | 133 | 140 |
| Driftskostnader per publikasjonspoeng (1.000 kr) | 2 573 | 3 317 | 4 458 | 3 324 | 3 377 | 3380 |
| Tal studiepoeng per fagleg årsverk (ny) | 12 | 13 | 13 | 13 | 13 | 13 |
| Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillinger og talet på tilsette i administrative stillingar | 2,5 | 2,3 | 2,4 | 2,2 | 2,1 | 2,3 |
| Del førstestillingar av totale undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar | 42% | 45% | 46 % | 47 % | 50 % | 55% |
| Del kvinner med førstekompetanse | 31,3 % | 32,4 % | 36,0 % | 36,6 % | 38,9 % | 45,0 % |
| Del mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar (ny formulering) | | | | | 12,4% | 10,0% |
| Tal kvinner i toppstillingar | | 2,0 | 1,7 | 1,5 | 3,7 | 6,0 |
| Gjennomsnittleg sjukefråvær | 5,1 % | 4,3 % | 5,3 % | 3,5 % | 4,7% | 4,0% |

Større investeringsprosjekt

Nytt mediehus

HVO planlegger nytt mediebygg oppført som kurantprosjekt. Høgskulen samarbeider med Statsbygg om forprosjekt til dette bygget.

Del VI: Årsrekneskap

Leiingskommentarar årsrekneskapen 2015

Formål

Høgskulen i Volda er høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i regionen og skal vere nasjonalt leiande i yrkesretta medieutdanning, nynorsk i utdanning, forskning og formidling samt fleksible vidareutdanningstilbod. Institusjonen skal gi fag- og profesjonsutdanningar for samfunnsutvikling, skule og barnehage, velferd, media og kultur.

Stadfesting

Rekneskapen gir eit dekkande bilete av den økonomiske verksemda i samsvar med regelverk om økonomistyring i staten. Rekneskapen er registrert etter gjeldande prinsipp i den statlege rekneskapsstandarden (SRS) og presentert etter rekneskapsmal for UH-sektoren.

Revisor

Revisor for Høgskulen i Volda er Riksrevisjonen.

Vurdering av drift i perioden

2015 har vore eit år som har vore prega av høg aktivitet på mange område. Vi har auka driftsinntektene med 13,0 mill. kroner samanlikna med 2014, der 9,2 mill. av auken kjem gjennom grunnløyvinga og 3,8 mill. gjennom auka tilskot og overføringar frå andre. Det er i særleg grad i avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL) at aktiviteten har vore stor på prosjektsida i samband med etter- og vidareutdanning lærarar.

For haustsemesteret 2015 hadde vi registrert 3.998 studentar. Dette er det høgste tal på studentar som har vore registrert ved høgskulen, 52 studentar opp frå førre topp som var i 2012. Auken ligg i stor grad på årskurs (etter- og vidareutdanning) for lærarar.

I september 2015 vart ph.d.-utdanninga i samarbeid med Høgskulen i Molde starta opp. Ved årsskiftet er det til saman 4 stipendiatar knytt til denne utdanninga ved Høgskulen i Volda.

Vi har hatt 5 doktorgradsdisputasar ved høgskulen i 2015. Siste tre åra har vi totalt hatt 18 disputasar. Vi fekk tildelt ei ny stipendiatstilling i budsjettet for 2015 og har no totalt finansiering for 15 stillingar.

I 2015 har det vore starta fleire relativt store prosjekt knytt til systemendringar; her kan nemnast nytt system for studiehandbok, ny HVO-vev, BOLK (elektroniske kompendium) og tilrettelegging for fleire digitale eksamenar. Dette siste prosjektet krev og ein god del investeringar når det gjeld fysisk tilrettelegging i eksamenslokale.

Vi fekk tildelt 10 nye studieplassar for PPU i samband med statsbudsjettet for 2016. Det har vore god søknad til PPU-plassane ved HVO, og planen er at desse nye studieplassane skal kome i drift frå haustsemesteret 2016.

Vesentlege avvik mellom periodisert resultatbudsjett og resultatrekneskap

Resultat av ordinære aktivitetar for 2015 viser eit overskot på 14,8 mill. kroner mot eit budsjettert overskot på 1,9 mill. kroner. Inntektene ligg om lag på budsjett, medan driftskostnadane ligg 12,5 mill. kroner (3,6 %) under budsjett.

Kostnadsavviket er i all hovudsak knytt til bemanning og lønn. Dette skyldast eit moderat lønnsoppgjær i 2015, auka langtidssjukefråvær samt lågare bemanningsauke enn planlagt. Vi har i tillegg hatt mykje aktivitet på etter- og vidareutdanning for lærarar som er ikkje er finansiert

gjennom den ordinære løyvinga. Dette har i periodar ført til eit stort arbeidspress på nokre av våre fagtilsette.

Utvikling i avsett del av tilskot til løyvingfinansiert verksemd

HVO har ved utgangen av 2015 bokført avsette midlar på løyvingfinansiert verksemd på 54,1 mill. kroner, ein auke på 15,0 mill. kroner samanlikna med fjoråret. Per 31.12.15 utgjer denne avsetninga 15,4 % av årets driftsinntekter.

Auken er knytt til midlar til ordinær drift på avdelingane samt kompetanse- og satsingsmidlar og kjem av at lønnsoppgjeret i 2015 vart vesentleg lågare enn budsjettert, samt ein stor auke i aktiviteten på Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Det tek tid å få på plass nye tilsette, så i første omgang har dette ført til større arbeidspress på dagens tilsette. Når vi får på plass fleire fagtilsette, vil avsetningane bli reduserte.

Campus-prosjektet har avdekket behov for investeringar både i uteområde og nytt hus. Her reknar vi med å dekke noko gjennom eigne midlar og vi vil nytte delar av avsetninga til dette.

Investeringar i perioden og planlagde investeringar framover


Av årets løyving vart det sett av 10,4 mill. kroner til investeringar samt at vi hadde eit etterslep frå 2014 på 2,6 mill. kroner; til saman gav dette oss ei ramme på 13,0 mill. kroner i 2015. Totalt har vi i 2015 brukt 10,4 mill. kroner, og resten vil bli nytta i 2016.

Renovering av Kaarstad 1922 er no godt i gang, og planen er å flytte tilbake til desse lokala sommaren 2016. Statsbygg si ramme for dette prosjektet har gått litt opp og ned siste halvåret, men den ser no ut til å ende på om lag 60 mill. kroner. I budsjettet for 2016 har vi sett av 2,5 mill. kroner til innkjøp av nytt inventar og utstyr i samband med tilbakeflyttinga.

Campus-prosjektet går også vidare og vi er i dialog med Volda Kommune om mogleg sambruk av lokale i eit nybygg som er under planlegging /vurdering. Vi har i fleire år levd med for lite kontor- og undervisningsrom samt at eitt av husa våre er av dårleg standard. Campus-prosjektet er difor viktig når vi skal planlegge for åra framover.

Eit anna viktig prosjekt er arbeidet med ny HVO-vev. HVO-veven er den viktigaste kanalen vi har for studentrekruttering, og vi er ikkje nøgde med dagens løysing. Arbeidet med å få fram ei ny løysing starta i 2015, men blir både dyrt og arbeidskrevjande i 2016.


Volda, 10.03.2016, Høgskulen i Volda ved styret




Johann Roppen




Ivar John Erdal



Stig Ove Brobakke




Terje Heggem



Jens Standal Groven



Kjell-Einar Dagfinrud



Endre Brunstad




Kristin Marie Sørheim



Tor Johan Ekeland



Pernille Solvang



Inger Østensjø

Årsregnskap 2015 med tilhørende noter

Prinsippnote virksomhetsregnskap

Generelle regnskapsprinsipper

Regnskapet er utarbeidet og avlagt i samsvar med de anbefalte Statlige Regnskapsstandarderne (SRS) og etter de nærmere retningslinjene som er fastsatt for forvaltningsorganer med fullmakt til bruttoføring utenfor statsregnskapet i Bestemmelser om økonomistyringen i staten av 12. desember 2003 med endringer, senest 18. september 2013. Regnskapet er avlagt i henhold til punkt 3.4 i Bestemmelser om økonomistyringen i staten og retningslinjene i punkt 6 i Finansdepartementets rundskriv R-115 med Kunnskapsdepartementets tilpasninger for universitets- og høyskolesektoren. Alle regnskapstall er oppgitt i 1000 kroner dersom ikke annet er særskilt opplyst.

Anvendte regnskapsprinsipper

Inntekter

Tildelinger uten motytelse eller med utsatt motytelse er behandlet etter bestemmelsene i SRS 10. Dette innebærer at bevilgninger fra Kunnskapsdepartementet og andre departementer er presentert i regnskapet i den perioden tilskuddet er mottatt. Bevilgninger og tilskudd fra Kunnskapsdepartementet og andre departement som ikke er benyttet på balansedagen er klassifisert som forpliktelse og ført opp i avsnitt D IV Avregning med statskassen i balanseoppstillingen (motsatt sammenstilling). Tilsvarende gjelder for andre statlige bevilgninger og tilskudd som gjelder vedkommende periode som skal behandles som bevilgninger etter bestemmelsene i SRS 10 og som ikke er benyttet på balansedagen. Bevilgninger og tilskudd fra statlige virksomheter som uttrykkelig er forutsatt benyttet i senere perioder, er klassifisert som forskudd og presentert som ikke inntektsført bevilgning i avsnitt D IV Avregning med statskassen i balanseoppstillingen. Bidrag og tilskudd fra statlige etater og tilskudd fra Norges forskningsråd samt bidrag og tilskudd fra andre som ikke er benyttet på balansedagen er klassifisert som forskudd og presentert som ikke inntektsførte bidrag i avsnitt D IV Avregning med statskassen i balanseoppstillingen (motsatt sammenstilling). Tilsvarende gjelder for gaver og gaveforsterkninger.

Inntekter som forutsetter en motytelse behandlet etter bestemmelsene i SRS 9 og er resultatført i den perioden rettigheten til inntekten er opptjent. Slike inntekter måles til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter fra salg av tjenester anses som opptjent på det tidspunktet krav om vederlag oppstår.

Kostnader

Kostnader ved virksomhet som er finansiert av bevilgninger eller midler som skal behandles tilsvarende, er resultatført i den perioden kostnaden er pådratt eller når det er identifisert en forpliktelse.

Kostnader som vedrører transaksjonsbaserte inntekter er sammenstilt med de tilsvarende inntekter og kostnadsført i samme periode. Prosjekter innen oppdragsvirksomhet er behandlet etter metoden løpende avregning uten fortjeneste. Fullføringsgraden er målt som forholdet mellom påløpte kostnader og totalt estimerte kontraktskostnader.

Tap

Det er ikke foretatt en generell vurdering knyttet til latente tap i aktive oppdragsprosjekter. Eventuelle tap konstateres først ved avslutning av prosjektet og er som hovedregel kostnadsført når en eventuell underdekning i prosjektet er endelig konstatert. For aktive prosjekter hvor det er konstatert sannsynlig tap, er det avsatt for latente tap.

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen ett år etter anskaffelsestidspunktet. Øvrige poster er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Fordringer er klassifisert som omløpsmidler hvis de skal tilbakebetales i løpet av ett år etter utbetalingstidspunktet

Omløpsmidler er vurdert til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Aksjer og andre finansielle eiendeler

Aksjer og andre finansielle eiendeler er balanseført til historisk anskaffelseskost på transaksjonstidspunktet. Aksjer og andeler er finansiert av overskudd av eksternt oppdragsvirksomhet, og har motpost i Opptjent virksomhetskaptal. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer. Mottatt utbytte og andre utdelinger er inntektsført som annen finansinntekt. Når verdifallet ikke er forventet å være forbigående, er det foretatt nedskrivning til virkelig verdi.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler er vurdert til anskaffelseskost og avskrives over driftsmidlets forventede levetid, men nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være forbigående. Varig driftsmidler balanseføres med motpost Forpliktelser knyttet til anleggsmidler.

Forpliktelsen som etableres på investeringstidspunktet oppløses i takt med avskrivningene og utligner dermed resultatvirkningen av avskrivningene.

Ved realisasjon/avgang av driftsmidler resultatføres regnskapsmessig gevinst/tap. Gevinst/tap beregnes som forskjellen mellom salgsvederlaget og balanseført verdi på realisasjonstidspunktet. Resterende bokført verdi av forpliktelse knyttet til anleggsmiddelet på realisasjonstidspunktet er vist som Utsatt inntekt fra forpliktelse knyttet til investeringer, bokført verdi avhendede anleggsmidler i note 1.

For eiendeler som inngår i åpningsbalansen er bruksverdi basert på gjenanskaffelsesverdi lagt til grunn for verdifastsettelsen, mens virkelig verdi benyttes når det gjelder finansielle eiendeler.

Ved fastsettelse av gjenanskaffelsesverdi er det tatt hensyn til slit og elde, teknisk funksjonell standard og andre forhold av betydning for verdifastsettelsen. For tomter, bygninger, infrastruktur er gjenanskaffelsesverdien dels basert på estimer utarbeidet og dokumentert av virksomheten selv, og dels på kvalitetssikring fra og verdivurderinger utarbeidet av uavhengige tekniske miljøer. Verdi knyttet til nasjonaleiendom og kulturminner, samt kunst og bøker er i utgangs-punktet ikke inkludert i åpningsbalansen. Slike eiendeler er inkludert i den grad det foreligger en reell bruksverdi for virksomheten. Finansieringen av varige driftsmidler, som er inkludert i åpningsbalansen for første gang, er klassifisert som en langsiktig forpliktelse. Denne forpliktelsen løses opp i takt med avskrivningen på de anleggsmidler som finansieringen dekker.

For omløpsmidler, kortsiktig gjeld samt eventuelle øvrige forpliktelser som inkluderes i åpningsbalansen, er virkelig verdi benyttet som grunnlag for verdifastsettelsen.

Immaterielle eiendeler

Eksternt innkjøpte immaterielle eiendeler er vurdert til anskaffelseskost og avskrives over driftsmidlets forventede levetid, men nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være forbigående. Immaterielle eiendeler er balanseført med motpost Forpliktelser knyttet til anleggsmidler.

Forpliktelsen som etableres på investeringstidspunktet oppløses i takt med avskrivningene og utligner dermed resultatvirkningen av avskrivningene.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene.

Internhandel

Alle vesentlige interne transaksjoner og mellomværender innen virksomheten er eliminert i regnskapet.

Pensjoner

De ansatte er tilknyttet Statens Pensjonskasse (SPK). Det er lagt til grunn en forenklet regnskapsmessig tilnærming, og det er ikke foretatt beregning eller avsetning for eventuell over- eller underdekning i pensjonsordningen. Årets pensjonskostnad tilsvarer årlig premie til SPK.

Virksomhetskapskapital

Universiteter og høyskoler kan bare opptjene virksomhetskapskapital innenfor sin oppdragsvirksomhet. Deler av de midlene som opptjenes innenfor oppdragsvirksomhet kan føres tilbake til og inngå i virksomhetens tilgjengelige midler til dekning av drift, anskaffelser eller andre forhold innenfor formålet til institusjonen. Midler som gjennom interne disponeringer er øremerket slike formål, er klassifisert som virksomhetskapskapital ved enhetene.

Kontantstrøm

Kontantstrømoppstillingen er utarbeidet etter den direkte metode tilpasset statlige virksomheter.

Kontoplan

Standard kontoplan og Kunnskapsdepartementets anbefalte føringskontoplan for virksomheter i universitets- og høyskolesektoren er lagt til grunn.

Selvassurandørprinsipp

